

SLUTTRAPPORT

Feiosprosjektet



Stort bilete: Feios sett frå Lundslivegen 2 (vegen i forgrunnen). I bakgrunnen Berdalsli, Åfetdalen og Smidjane. Små bileta: tømmerkaia på Håastrondi, skogdag i 2013, skogsveg under bygging (siste to frå Borlaug).

Feiosprosjektet har som mål å leggje til rette for hausting av produktivt skog og god skogkultur i Feios. Viktige oppgåver er å fremje samarbeid mellom aktuelle skogeigarar og jobbe for den naudsynte infrastrukturen med tanke på skogs- og bilvegar.

Feios Skogreisingslag
Skognæringsforum i Sogn og Fjordane

Kyst  skogbruket

INNHALD

INNLEIING.....	3
1.1 OM DENNE RAPPORTEN.....	3
1.2 BAKGRUNN.....	3
1.2.1 Skogreisinga på 1950-, 1960- og 1970-talet.....	3
1.2.2 Manglande kunnskap	4
1.2.3 Dårleg infrastruktur og små skogseigedomar.....	4
1.2.4 Feiosprosjektet som del av Bygdeforskning sitt prosjekt „Fra ti til en” og Kystskogbruket.....	4
1.3 SAMANDRAG	5
2 PROSJEKTORGANISERING.....	6
2.1 PROSJEKTGRUPPE	6
2.2 STYRINGSGRUPPE OG ANDRE INVOLVERTE	7
2.3 PROSJEKTLEIAR	7
2.4 DELTAKING PÅ FAGSAMLINGAR OG KONFERANSAR.....	7
2.5 FEIOSPROSJEKTET I MEDIA	7
3 HAR PROSJEKTET NÅDD MÅLET?	8
3.1 PROSJEKTET SITT OPPHAVLEG MÅL	8
3.2 RESULTAT.....	8
3.2.1 Skogtaksering.....	8
3.2.2 Skogbruksplanane	9
3.2.3 Infrastruktur	9
3.1.4 Bioenergi.....	12
3.1.5 Høyringsinnspel	12
3.1.6 Kompetanseheving og rettleiing.....	13
3.1.7 Planlegging av avverksingsperioden	14
3.2 ØKONOMI	15
4 ERFARINGAR FRÅ PROSJEKTET.....	16
4.1 Positive erfaringar.....	16
4.2 Negative erfaringar	17
4.3 Forbetringsforslag.....	17
5 VEGEN VIDARE	17
VEDLEGG.....	19
5.1 AVTALE MELLOM VIK KOMMUNE OG FEIOS SKOGREISINGSLAG I SAMARBEID MED KMB-PROSJEKTET «FRA TIL TIL EN»	19
5.2 PROSJEKTSKILDRING „FRA TIL TIL EN” (19.06.2008)	19
5.3 RESULTAT PROSJEKT „FRA TIL TIL EN”.....	19
5.4 ÅRSRAPPORTAR 2009-2013.....	19
5.5 NYHEITSBREVA	19
5.6 INNSPEL TIL KOMMUNEPLANEN	19
5.7 OPPGRADERING AV BILVEGANE I FEIOS I SAMBAND MED FRAMTIDIG TØMMERTRANSPORT.....	19
5.8 HØYRINGSINNSPEL FEIOS KRAFTVERK.....	19
5.9 DØME PÅ «FORENKLA SKOGBRUKSPLAN»	19
5.10 HOVUDTAL FOR SKOGEN I FEIOS	19
5.11 KART	19
5.12 FEIOSPROSJEKTET I MEDIA	19
5.13 LITTERARTURLISTE	19

INNLEIING

1.1 Om denne rapporten

Rapporten skal dokumentere erfaringane og resultat frå Feiosprosjektet. Håpet er at desse kan vere til nytte i tida framover, når etter kvart store mengder med granskog i Feios blir hogstmodne og skal haustast. Resultata frå prosjektet vil også kunne ha ein viss overføringsverdi til andre skogområde og kommunar.


Rapporten skal dessutan gjere greie for bruken av tilskotsmidlane som prosjektet har fått frå ulike aktørar.

Rapporten er laga på grunnlag av dokumentasjon i frå dei tre prosjektleiarane som prosjektet har hatt i den femårige prosjektperioden.

1.2 Bakgrunn

1.2.1 Skogreisinga på 1950-, 1960- og 1970-talet

Feios har store skogsressursar. Granplantinga i Feios starta i 1955, men skogreisinga starta for alvor etter 1960. I 1965 blei det oppretta ei stilling som skogreisingsleiar i Vik kommune. I 1974 var det tilplanta eit areal på 7500 dekar. Eit uttrykk for kor mykje trevirke skogmarka kan produsere er bonitet. Mange plassar i Feios er det høg bonitet, mest fordi berggrunnen er Fyllitt. Det er ein glimmerskifer som forvitrar lett og har høgt næringsinnhald i høve plantevekst.



Geografisk plassering Feios, på sørsida av Sognefjorden (kjelde: Gardskart)

For oversiktskart over Feios med stadnamn, sjå kart i vedlegg 5.11.

1.2.2 Manglande kunnskap

Då Feiosprosjektet starta var skogressursane i Feios ikkje talfesta. På same tid var skogeigedomane for små til å få utarbeidd skogbruksplanar per eigedom på liknande økonomiske vilkår som større skogseigedomar.

Granskogen i Feios blei som regel planta av generasjonen før dagens generasjon gardsbrukarar. Ved prosjektoppstart var det uvisst kor stor kunnskapen om og interessa i skogen og skogbruket blant skogeigarane er. Mange er busett utanfor kommunen.

1.2.3 Dårleg infrastruktur og små skogseigedomar

Skogbruket har endra seg mykje sidan skogreisingstida. Mykje av skogen blei denne gongen planta i bratt terreng, der skogen i dag må haustast ved hjelp av taubane. Dei kommunale vegane og fylkesvegane i Feios har svært enkel standard. Trong vegbane med få møteplassar skapar mange „flaskehalsar” og hindringar for tømmertransporten. I Feios skal det aller meste av tømmeret fraktast til tømmerkaia på Håastrondi og reiser derifrå vidare på skip.

I Feios er det mange små skogseigedomar. Dei 76 skogeigarar som deltok i prosjektet har i gjennomsnittet 256 daa med produktivt skog (inkludert produktivt skogareal i 3 store sameige). Om lag halvparten av eigedomane har eit produktivt skogareal på under 100 daa. Spennevidda går frå 2 daa til 771 daa. Desse tala var ikkje kjende då Feiosprosjektet starta opp og er eit resultat av takseringa i samband med utarbeiding av skogbruksplanar (sjå kapittel 3.2.2).

1.2.4 Feiosprosjektet som del av Bygdeforskning sitt prosjekt „Fra ti til en” og Kystskogbruket

Feiosprosjektet er del av prosjektet „Fra ti til en”, eit 5-åreg KMB-prosjekt (kompetanseprosjekt med brukarmedverknad) i regi av Norsk institutt for Bygdeforskning og i samarbeid med Norsk institutt for skog og landskap (no NIBIO). Prosjektet starta i 2009 og slutta i 2014. Det handlar om eigedomsoverbyggjande samarbeid for private, personlege skogeigarar i kystskogbruket. „Fra ti til en” kan tyde at skogen blir forvalta om han var ei eining. Prosjektet blei finansiert av *Norges Forskningsråd* og skognæringa i fylka som er med i *Kystskogbruket*. Forskingsmidlane fekk prosjektet via Jordbruksavtalen.

Kystskogbruket er ein nettverksorganisasjon for skognæring, fylkesmannen og fylkeskommunen i ti kystfylke i Noreg der målet er å auke verdiskaping og berekraftig bruk av skog og tre. Skognæringa Kyst er berebjelken i *Kystskogbruket*. Ein vil også påverke den nasjonale skogpolitikken. Visjonen til prosjektet er: *Kystskogbruket skal vere ein vekstkraftig nasjonal verdiskapar*. I ”Melding om kystskogbruket” er det formulert mål og strategiar retta mot næringskjedene som baserer seg på bruk av trevirket i kystskogbruket.

1.3 Samandrag

Feiosprosjektet som starta i 2009 og slutta i 2014 var del av prosjektet „Fra ti til en”, eit 5-åreg KMB-prosjekt i regi av Norsk institutt for Bygdeforskning. „Fra ti til en” kan tyde at skogen i eit område med mange små skogeigedomar i større grad blir forvalta som om han var ei eining. Det har vore mykje lærdom i prosjektperioden, og måla til prosjektet endra seg noko undervegs fordi ein fekk betre kunnskap om enkelte delområde. Som nokre av dei viktigaste kan nemnast:

- Skogtakst er sjølve grunnlaget for ein vellukka skogdrift og bør ha fyrste prioritet. Det å få ei oversikt over kor mykje skog som faktisk står i området og kor gamal den er, er avgjerande for planlegging av drifter, bygging av skogsvegar m. m.
- «Skogssamarbeid» kan vere meir realistisk enn «skogssamdrift».
- Det kanskje viktigaste samarbeidsområdet viste seg å vere skogsvegbygging. Ein må ha god tid til planlegging og gjennomføring, også med omsyn til å komme gunstig ut i skattesamanheng.
- Det er viktig at grunneigarane organiserar seg i skogveglag og utarbeider vedtekter, både med omsyn til skatt og t.d. med tanke på naturskade og eigeandelen i erstatningssaker.
- Det er viktig med gode vegavtalar, som skil mellom bruk til næring og fritidsbruk og som sikrar finansiering av vedlikehaldstiltak på vegen. Her er det ofte trong for ein neutral rådgjevar.
- Det er viktig å fjerne «flaskehalsar» på kommunale vegar og fylkesvegar for å unngå kostnader for kipping (flytting av tømmer frå skogsbil over på vogntog) og ulempene for miljøet knytt til dette. Feiosprosjektet var sentralt i arbeidet som resulterte i ei fylkeskommunal løyving på 1,2 mil. kr til utbetring av fylkesvegane i Feios.
- Skogbruksplanar er nyttige og bør tingast for større samanhangande område. Planane kunne med fordel vere meir praktisk retta.
- Skogeigarane på Vestlandet er ingen «skogbrukarar» på heiltid. Dei treng enkel tilgang til relevant kunnskap, tilpassa deira situasjon.
- På mange av dei små skogeigedomar vil det vere hogstaktivitet berre ein gong per generasjon. Skogdrifta bør samordnast med andre som har hogstmoden skog om lag i same tidsperiode. Grundig planlegging er viktig!

Det blir elles vist til sluttrapporten frå hovudprosjektet «Frå ti til en». Ein presentasjon av resultata er å finne i vedlegg 5.3 til denne rapporten.

2 PROSJEKTORGANISERING

Feiosprosjektet er eigd av Feios skogreisingslag og Sogn og Fjordane skognæringsforum. I styringsgruppa var også Fylkesmannen og Vik kommune representerte.

Når prosjektet offisielt blei avslutta desember 2014 var ein i realitet ferdig med det 6. prosjektåret. Forseinkingar i prosjektet gjorde at det blei søkt om 1 år lengre prosjektperiode. Prosjektet har hatt 3 ulike prosjektleiarar pga. at arbeidssituasjonen elles hjå prosjektleiarane endra seg undervegs. Prosjektleiarane har hatt kontor plass på kommunehuset i Vik. Vik kommune førte rekneskapen for prosjektet. Prosjektleiar hadde same tilsetjingsforhold som andre tilsette i kommunen. Det blei den 9.12.2009 laga ein skriftleg avtale mellom Feiosprosjektet og Vik kommune som regulerte ansvaret (sjå vedlegg 5.1).

Det blei laga ein årsrapport for kvart prosjektår (sjå vedlegg 5.4).

2.1 Prosjektgruppe

Rolle	Namn	Anna arbeidsgjevar / Organisasjon
Prosjektleiar Sekretær for styringsgruppa	Asbjørn Grindedal 2009-2012, 20%-stilling Peder Magnussen 2013, 40%-stilling Karen Weichert 2014 (2015) 20%-stilling	Sjølvtendig næringsdrivande Sogn og Fjordane Skogeigarlag Vik kommune
Prosjektdeltakarar	Skogeigarane i Feios (76)	
Leiar styringsgruppe	Rune Lunde	Feios skogreisingslag / Borregaardfondet
Styringsgruppe	Tone Feidje Midlang	Feios skogreisingslag
Styringsgruppe	Merete Larsmon	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Styringsgruppe	Veronika Seim Bech	Vik kommune
Styringsgruppe	Hans F. Lauvstad	Skognæringsforum Sogn og Fjordane
Rådsgjevar	Magnus Mo	Gaular kommune
Rådsgjevar	Torkel M. Hofseth	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Rådsgjevar	Helge Kårstad	Kystskogbruket
Rådsgjevar	Gro Follo	Bygdeforskning
Rådsgjevar	Hans Nyeggen	Skog og landskap
Rådsgjevar	Birger Vennesland	Skog og landskap
Rådsgjevar	Norvald Aase	Vik kommune, då leiar av Næring og utvikling
Rådsgjevar	Asle Lyslo	Vegplanleggjar, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Rådsgjevar	Nils Olaf Kyllø	Skog og landskap
Rådsgjevar	Tormod Skeie Jacobsen	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Hordaland
Observatør	Geirmund Dvergsdal	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

2.2 Styringsgruppe og andre involverte

Styringsgruppemedlemene er lista opp under punkt 2.1 . Styringsgruppa har totalt hatt 16 møte, og brukte, med nokre unntak, møterom på kommunehuset i Vik. Ofte var eksterne rådgjevarar med på møta. Dei i styringsgruppa som ikkje hadde løn i frå stillingar knytt til prosjektet fekk møtegodtgjersle, 1500 kr per dag.

I tida 1.juni 2013 til 15. mai 2014 hadde Veronika Seim Bech permisjon. Fram til Karen Weichert tok over som prosjektleiar vikarierte ho for Veronika Seim Bech i styringsgruppa som representant for Vik kommune.

Styringsgruppa har gjennom prosjektperioden også fått gode råd og verdfulle innspel i frå fleire personar utanfor styringsgruppa (sjå tabell under punkt 2.1). Dei skal alle ha stor takk!

2.3 Prosjektleiar

Den 1.10.2009 tok Asbjørn Grindedal til som fyrste prosjektleiar i Feiosprosjektet, i ei stilling på 20 %. Han var prosjektleiar i nesten tre år, før han sa opp stillinga og slutta 6.9.2012.

Peder Magnussen tok til som ny prosjektleiar i 40 %-stilling den 28.01.2013, parallelt med å jobbe deltid i Sogn og Fjordane skogeigarlag. Hausten 2013 byrja han i full stilling i skogeigarlaget, og slutta då som prosjektleiar i Feiosprosjektet. Karen Weichert tok over prosjektleiarstillinga frå 01.04.2014 og då i opp til 20 %-stilling, på same tid som ho jobba deltid i Vik kommune som rådgjevar i plan og forvaltning, m.a. med skogbruk.

2.4 Deltaking på fagsamlingar og konferansar

Representantar frå Feiosprosjektet deltok i prosjektperioden på ein del fagsamlingar og konferansar. Døme er:

- ”Å se over eiendomsgrensene - Samarbeidsløsninger for skogeiere til beste for eierne, skogbruket og samfunnet?”, seminar, Stjørdal 09.12.2009
- Møte skognæringsforum Sogndal, 5.5.2010
- Skogfagleg samling for kommunane i Sogn og Fjordane og Hordaland 10.-11.5.2011. Presetasjon av Feiosprosjektet. Synfaring til tømmerkaia og på Lunde 10.5.
- Fagdag for Bioenergi i Fjærland, 13.09.2011
- Ope møte i Feios om revisjon av kommuneplanen, 24.01.2012
- Regionmøte «Fra ti til en» i Bergen, 13.11.2013
- Innlegg om Feiosprosjektet v/Merete Larsmon på konferansen *Skog & Tre* mai 2015

2.5 Feiosprosjektet i media

Ein har gjennom heile prosjektperioden prøvd å gjere prosjektet kjent blant innbyggjarane i kommunen og også regionalt, og det har vore fleire artiklar om Feiosprosjektet i media. Som døme skal her nemnast:

- Artikkel i Sogn Avis 23. mars 2010 (sjå vedlegg 5.12)
- Artikkel i Vik kommunen sin sommaravis (sjå vedlegg 5.12)
- Omtale av Feiosprosjektet i Fylkesnytt frå Sogn og Fjordane 1/2014

3 HAR PROSJEKTET NÅDD MÅLET?

3.1 Prosjektet sitt opphavleg mål

Feiosprosjektet blei til i samband med KMB-prosjektet «frå til til en». Målet var å «*prøve ut ulike eiendomsverbyggende samarbeid, gi en dekkende beskrivelse av forhold (forståelser, prosesser og effekter) som virker fremmende og hemmende på bruk av slikt samarbeid, vurdere nytte og omkostninger, og utlede de praktiske løsninger og skogbrukspolitiske implikasjoner*» (frå prosjektskildring 19.06.2008, sjå også vedlegg 5.2).

Feiosprosjektet blei eitt av fire feltprosjekt innanfor hovudprosjektet, tilpassa ulike utfordringar langs kysten. Feiosprosjektet representerte eit område, der «skogsamdrift» blei rekna som aktuell. Kompetanseheving og rettleiing var to av delmåla. Som grunnlaget for dette skulle det utarbeidast skogbruksplanar for kvar einskild eigedom. I tillegg ville ein få eit områdetakst som grunnlag for hogstplan og naudsynt vegbygging. Ein såg føre seg at hogstplanen igjen kunne vere eit grunnlag for lokal verdiskaping med tanke på entreprenørarbeid i samband med vegbygging, tømmertransport og eventuell foredling, t.d. sagbruk eller anlegg for bioenergi, samt forynging av skogen.

Det er fleire bygder i fylket med liknande utfordringar som Feios når det gjeld hausting av skogen frå skogreisningstida, t.d. i Førde, Jølster, Naustdal og på Leikanger, men Feios ligg tidsmessig nærast til slutthogst. Erfaringane frå Feiosprosjektet vil såleis kunne gje verdifull kunnskap for organisering, hausting og forynging av kulturskogen i andre bygder.

Til å kunne nå desse måla, blei det sett på som føresetnad at Feiosprosjektet har prosjektleiar i heile prosjektperioden.

3.2 Resultat

3.2.1 Skogtaksering

Allereie på fyrste styringsgruppemøtet blei det stadfesta at ei skogtaksering må vere grunnlaget for alt vidare arbeid. Taksten (ekstensiv skogtakst) blei gjennomført Norsk Institutt for Skog og landskap (no: NIBIO) i 2010 og resulterte i rapporten «Skogressurser i Åfetdalen. Feios, Vik i Sogn 2010» som blei publisert i 2011. Taksten var likevel ikkje tilgjengeleg før i 2013.

Taksmetoden blei «systematisk prøveflatetakst». Totalarealet for takstområdet var 3086 daa, 2973 daa var produktivt skog. Rapporten viser at det ståande bruttovolumet i 2010 var på ca. 82.000 m³, der 90 % av volumet var gran og 10 % var lauvtre eller furu. I gjennomsnitt stod det 28 m³ per dekar. Granskogen er enno relativt ung, det meste mellom 30 og 40 år. Tilveksten blei vurdert som bra, og det blei registrert lite skadefrekvens. Det blei gjort framskrivingar som viste at det ståande volumet i 2040 vil vere på om lag 185.000 m³. I granfelta blir det venta om lag 70 m³ per dekar ved hogstmoden alder. Felta har utvikla seg godt i samsvar med produksjonstabellane for tilsvarande bonitetar. Under føresetnaden av 150 kr i rotnetto per kubikkmeter vil førstehandsverdien av tømmeret vere om lag 27,75 mill. kroner (kjelde: samandrag av rapporten).

3.2.2 Skogbruksplanane

På fyrste styringsgruppemøtet blei det også avgjort at det skulle utarbeidast skogbruksplanar, enten for alle enkeltskogeigedomane i Feios eller for større einingar. Resultatet var at Sogn og Fjordane Skogeigarlag gjekk med på å utarbeide skogbruksplanar for 76 enkelteigedomar i Feios, pluss 3 store sameige. Til saman dekker planane eit areal på 17.531 daa. Dei minste eigedomane (under 50 daa) fekk ein «forenkla skogbruksplan». Skogbruksplanane blei laga på bakgrunn av skogregistreringar gjennomført i 2011. Desse byggjer på flyfoto frå før 2009. Registreringane blei utført som bestandstakst. Som vedlegg for skogbruksplanane er det bestandskart i målestokk 1:5000. Det blei også gjennomført miljøregistreringar (MiS) som inngår i skogbruksplanen t. d. i form av registrerte nøkkelbiotopar, dvs. livsmiljø i skogen som er spesielt viktige for det biologiske mangfaldet. Alle som vil levere tømmer må ha utført miljøregistreringar på eigedomen sin. Med til planen høyrde det også eit kveldskurs i bruk av skogbruksplanen som blei gjennomført den 21.03.2014 i Feios.

Prisen for skogbruksplanane blei 43,30 kr per dekar. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gav eit statstilskot på om lag 80 % av kostnaden (utan mva). Om lag halvparten av skogeigarane som fekk utarbeidd skogbruksplan hadde midlar i Borregaardfondet som dei kunne bruke til å dekke delar av kostnaden for planen. Med denne ordninga kunne alle skogeigarar i Feios få skogbruksplan for eigedomane sine til svært rimeleg pris. Dei med Borregaardfond betalte i realitet berre meirverdiavgifta. Det var likevel berre 51 skogeigarar som kjøpte skogbruksplanen. Dei resterande planane blei kjøpt av Feiosprosjektet og blir no forvalta av Vik kommune. Dei kan framleis kjøpast av skogeigarane.

Skogeigarane i Feios er per i dag dei einaste i Vik kommune som har skogbruksplanar og dermed ei oppdatert oversikt over sine skogressursar. Planane blir t. d. brukte i samband med skogsvegbygging og vegavtalar. Eit døme på ein skogbruksplan (forenkla type) er å finne i vedlegg 5.9 .

3.2.3 Infrastruktur

Då Feiosprosjektet starta opp var ein klar over at det i samband med hausting av skogen i Feios må byggjast nye skogsvegar og at dei kommunale vegane samt fylkesvegane mellom skogsvegane og tømmerkaia på Håastrondi må utbetrast.

Skogsvegane og Hovudplan skogsveg

Vik kommune hadde ved prosjektoppstart ikkje *Hovudplan skogsveg*. *Hovudplan skogsveg* er ein oversiktsplan eller ei analyse som seier noko om skogbruket sitt behov for infrastruktur i kommunen. I mange kommunar inngår ein slik plan som sektor- eller temaplan i kommuneplanen. Etter initiativet i frå Feiosprosjektet laga Vik kommune i samarbeid med Fylkesmannen si landbruksavdeling eit utkast for *Hovudplan skogsveg* i form av eit kart (sjå vedlegg 5.11) der skogsvegane som bør byggjast er teikna inn. Feiosprosjektet hadde dette utkastet opp som tema på styringsgruppemøtet 29.3.2011. Status for planen i kommunen er at kartet i praksis blir bruk i samband med handsaming av vegsøknader. Det er også komme innspel til kartutkastet som skal vurderast. Men tekstdelen er per i dag ikkje ferdigstilt og planen såleis ikkje vedteken. Ein reknar med at Vik kommune kjem til å ha ein vedteken *Hovudplan skogsveg* i løpet av 2016.


Etter Feiosprosjektet tok til blei det bygd ein del nye skogsvegar i Feios, i samsvar med utkastet for *Hovudplan skogsveg*. Feiosprosjektet var involvert i nokre prosjekt og prøvde å stimulere til samarbeid og inviterte med vegplanleggjarar (Nils Olav Kyllø, Asle Lyslo, Tormod S. Jacobsen). Prosjektet deltok på ein del vegmøte, døme er møtet mars 2012 (vegane Håali og Borlaug) og møtet november 2014 (vegane Åfetdalen, Berdalsli og Håali).

Det er sidan prosjektstart bygd mange meter skogsveg i Feios, som døme kan nemnast Lundslivegen 2, som blei ferdig godkjent i 2014. Fleire vegprosjekt er under planlegging, t.d. i Håali, i Åfetdalen og på Sætrane. Fylkesmannen sine vegplanleggjarar Asle Lyslo og Tormod Skeie Jacobsen er involvert i arbeidet. Elles er det i høve kartutkastet for Vik kommune sin «Hovudplan skogsveg» (sjå vedlegg 5.11) berre enkelte vegar i områda Smidjane-Veslestølen-Legdene, Feidjehagen og Borlaug-Lauvaneset som manglar.

Fylkesvegar og kommunale vegar

Når tømmeret skal transporterast frå hogsfelta og til tømmerkaia på Håastrondi skjer dette fyrst på skogsbilveg og deretter på kommunale vegar og fylkesvegar. Fylkesveg 602 går frå Vangsnes til Osen i Feios. Strekninga frå tømmerkaia på Håastrondi til Osen er om lag 2 km. Fylkesveg 182 går frå Osen i retning Fresvik. Strekninga frå Osen til Snytta heilt søraust i Feios er på om lag 10 km. Fylkesveg 181 går på begge sider av elva, på vestsida 3,4 km frå Osen til Åfet, og på austsida på 4 km frå Osen til Grindedal. Dei resterande offentlege vegar i Feios er kommunale, t.d. Sambindingsvegen (som binder saman fylkesveg 181 på begge dalsider), Grindedal-Lunde og vegen opp til Berdal.

Dei offentlege vegane frå Osen og innover dalane på om lag 12 km er i generelt dårleg tilstand. Vegane er tronge (flaskehalsar) med få møteplassar, og mange vegsvingar har ikkje tilstrekkeleg radius for vogntog. Det er også mange plassar med dårleg eller skadd asfalt og mangelfull bereevne.



Fylkesvegane i Feios, målestokk ca. 1:20.000, frå Fylkesatlas

Feiosprosjektet har sidan 2011 prøvt å setje fokus på dei offentlege vegane i Feios som treng opprustning. Den 15.2.2012 blei det sendt eit innspel til kommuneplanen (sjå vedlegg 5.6) som m. a. tek opp tema «skogsvegar og verdiskaping» og opprustning av dei offentlege vegane i Feios.

Etter to synfaringar hausten 2013 med tømmerbilsjåfør Edvin Lindset, entreprenør Erling Stokkebø og vegplanleggjar Magnus Mo blei det laga ei tiltaksliste med kartfesta punkt samt kostnadsoverslag på fylkesvegane som treng utbetring. I 2014 blei denne lista etter ny synfaring med Magnus Mo supplert med tiltakspunkt også på dei kommunale vegane. Som resultatet av dette arbeidet i 2013 og 2014 blei det den 5.5.2014 ferdigstilt eit dokument *Oppgradering av bilvegane i Feios i samband med framtidig tømmertransport* (sjå vedlegg 5.7), som den 6.5.2014 blei sendt til Vik kommune til bruk i forhandlingar med Fylkeskommunen om utbetring av fylkesvegane. Same dokumentet blei den 29.9.2014 også sendt til Vik kommune v/kommunalteknikken som innspel til budsjettarbeidet.

Den 3.6.2014 fekk Feiosprosjektet melding frå kommunen at Fylkeskommunen løyver Vik kommune 1,2 millionar kr til oppgradering av fylkesvegane i Feios. I 2015 budsjetterte kommunen med til saman 2,2 millionar kr til fylkesvegane og 2,9 millionar kr til dei kommunale vegane i Feios. Det er i tillegg sett av 2 millionar kr i 2016. Ved redaksjonsslutt til denne rapporten var tiltak på fylkesvegane i Feios sett i gang.

Vegavtalar

Når vegane er bygd er situasjonen som oftast slik at det er fleire interessentar til bruk av vegen, utover dei som har bygd han. Utfordringar her er å lage vegavtalar som både sikrar vedlikehald av vegen, og opplevast som rettferdig for alle involverte med tanke på dei ulike interessene i vegen. Feiosprosjektet sin ambisjon var å leggje til rette for og støtte desse prosessane, for å komme fram til «ein måte å gjere det på i Feios».

Det var dessverre ikkje nok tid til å komme heilt i mål med dette. Men ved god hjelp av Magnus Mo og med ein ferdigbygd skogsveg i Feios som konkret døme, kom ein fram til nokre viktige moment som bør vurderast når ein lagar vegavtalar:

- Generelt om reaksjon på førespurnad om bruk av vegen: Ja på villkår er alltid betre enn eit nei.
- Avtalar om bruk av vegen til tømmertransport bør ikkje vere personlege men knytt til eigedom. Slike avtalar treng ikkje tinglyst. Skogbruksplanane som alle i Feios no har, er eit godt grunnlag for fakta ei avtale kan baserast på.
- Ein bør fokusere på det framtidige vedlikehaldet av vegen, og ikkje på byggjekostnaden («vegen er bygd og ligg der»). Vedlikehaldstiltak må gjennomførast kvart år (grøftene etc.). Ein kan rekne ca. 5 kr per meter per år.
- Personbilar og 4-/6-hjulingar slit mykje meir på ein veg enn traktorar og tømmerbilar pga. spinning. 4-/6-hjulingar gjer mest slitasje pga. at køyrespora er midt på vegbana og dei spinnar på alle hjul. Ein bør vurdere å lage ei slags «bruksanvising» for vegen for slike køyretøy (vegen er ikkje bygd for 4-/6-hjuling) men for skogsbilar.
- Jordskifteretten operere ofte med 30 % av vedlikehaldskostnaden som blir rekna på «andre interesser» (hytte, jakt, beite, etc.), men ein bør kanskje sikte på 50 % i staden pga. større slitasje.
- «Årleg leige» kan vere ei god løysing for alle bruksområde, også for hogst (pris per kubikk tømmer som blir køyrt ut). Skilje mellom bruk i samband med næring og ikkje-næring. Dei med fleire interesser, både næring og ikkje næring, bør få ulike avtaler for desse.

- Bom eller ikkje bom? Det kan vere lurt å setje dette spørsmålet til side og fokusere på dei årlege bruksavtalane i fyrste omgang. Faktumet at ein veg er bygd med offentlig tilskot tilseier ikkje at han må opnast for allmenta etterpå. Ei løysing kan vere å setje opp ein bomstasjon, slik at allmenta får høve til å bruke vegen mot ei avgift. Pris på 50 kr per tur er heilt ok. Det er krav om å setje bompengane på fond, og dei kan berre brukast til vedlikehald av vegen (ikkje høve til å ta ut utbytte).
- Vegavtalar: Vanleg å revidere etter 10 år, men fyrste revisjon kan med fordel skje etter 3-5 år («har vi treft med reglane som vi laga?»). Med endra bruk kan reglane justerast.
- Alle årlege leigepreisar bør indeksregulerast (konsumprisindeksen er greitt å bruke).
- Det er heilt ok å stenge vegen i periodar, om naudsynt for å unngå stor slitasje (t.d. ved teleløysing eller ved sterk nedbør). Ubrøytt veg om vinteren gjeld som utmark (Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag). Brøytt veg gjeld som bilveg.
- Når ein introduserer bruksavtalar, må eksisterande vedtekter for vegen evtl. endrast.

Det finst malar for vegavtalar og for vedtekter for skogsbilveglag (t.d. frå Norges Skogeierforbund). Skogeierforbundet har også ein rapport om ansvarsforhold på private skogsbilvegar (sjå litteraturliste).

3.1.4 Bioenergi

Bioenergi som mogleg satsingsområde var på eit tidspunkt tema for Feiosprosjektet (2010-2012). På Lunde blei det gjennomført eit lagringsforsøk for så kalla GROT-flis. GROT er eit samla uttrykk for avverkingsrestar av gran rotmaterial og tretoppar. Lagringsforsøket skjedde i regi av Fylkesmannen sitt *Biostigen*-prosjekt. *Biostigen* hadde som mål å teste ut ulike verdikjeder for produksjon av skogsflis.

Lagringsforsøket på Lunde viste at ein ikkje fekk turka GROT-flisa gode nok. I tillegg var det for mykje grus og stein i dungen, noko som ville skape problem for maskinene i vidare prosessen.

3.1.5 Høyringsinnspel

Feiosprosjektet har sendt fleire høyringsinnspel i saker som påverkar prosjektet sitt arbeid og målsettingane. Dei komplette høyringsinnspel er å finne i vedlegg 5.6 og 5.8 .

Feios kraftverk

Juni 2006 søkte Feios Kraftverk AS om konsesjon for Feios kraftverk, som skal ha ein årsproduksjon på om lag 100 GWh. Kraftverket fekk konsesjon i mars 2013, men utan lineføring. Det blei så søkt om 132 Kv overføringsanlegg Feios-Hove. Søknaden viste m.a. ei avskjæring av skogliene i Feios med kraftlinjer, noko som vil føre til vesentlig høgre driftsutgifter for skogeigarane, mest pga. at dei vil vere til hinder for taubanedrifter. Feiosprosjektet sendte difor i mai 2013 eit høyringsinnspel som påpeika problemstillinga. Det kom også mange kritiske innspel frå folk i Feios.

Utbyggjaren valde i ettertid å endre søknaden, m.a. skal kraftstasjonen flyttast lenger vest mot Håstrondi, slik at den nye linetraséen no kjem til å unngå den mest drivverdige skogmarka i området. Dette var svært positivt for skogbruket i Feios. Det blei i mai 2014 publisert ei tilleggsgreining for kraftverket.

Feiosprosjektet valde november 2014 å sende eit nytt høyringsinnspel for å påpeike eventuelle utfordringar ved ei framtidig utviding av tømmerkaia på Håstrondi som avløps-/tilkomsttunnell og massedeponiet ikkje må vere til hinder for. Det blei dessutan påpeika at det vil vere eit behov for om lag 110.000 m³ steinmassar til om lag 20 km skogsvegbygging i Feios, som då kunne vere ein alternativ bruk av massane. Feiosprosjektet kom med ynskjet om at Feios skogreisingslag og Vestskog, som eigar av kaia, blir involverte i detaljreguleringa.

Ved redaksjonsslutt for denne rapporten hadde Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) gjeve si tilråing til Olje- og energidepartementet for dei endra planane, men ein ventar framleis på departementet si endeleg godkjenning.

Kommuneplanen 2013-2014

I prosjektperioden køyrde Vik kommunen ein omfattande revisjon av kommuneplanen. Arbeidet starta opp i 2011. I samband med dette blei det halde lokale folkemøte. Møtet i Feios var i januar 2012. Feiosprosjektet fekk på møtet høve til å leggje fram nokre tema som ein meinte var relevant for den nye kommuneplanen. Helge Kårstad laga ein presentasjon som kom inn på tema skogsvegar og verdiskaping, offentlege vegar og utfordringane med desse samt utfordringane knytt til Feios kraftverk. Hovudbodskapen var at Feiosprosjektet bør ha ein tung forankring i kommuneplanen.

Arealdelen til kommuneplanen blei godkjent i kommunestyret juni 2014. I kapittel 3.2.7 om råstoffutvinning står det: *I tillegg... er eit område i Åfetdalen, Feios bandlagt for regulering med tanke på masseuttak. Området er samanfallande med planlagd depot-område for tunnelmassar frå Feios Kraftverk AS sitt anlegg. Føremålet er å gjera tunnelmassane tilgjengelege som ressurs for m. a. lokal vegbygging.* Dessutan er tømmerkaia på Håstrondi oppført som *samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur* og med merknad: *Ny. Eksisterande opparbeidd kaiområde ca 9daa lagd inn med utvidingsareal ca 3daa mot aust og vest.*

3.1.6 Kompetanseheving og rettleiing


Med bakgrunn i tilbakemeldingane frå Gro Follo sine intervjurundar og for å halde kontakten med skogeigarane og orientere fortløpande om prosjektet og arrangement blei det frå 2011 kvart år sendt ut nyheitsbrev, til saman 3 stykk (om lag ein gong i året). Det fjerde nyheitsbrevet skal sendast ut i samband med ferdig sluttrapport for prosjektet.

For å mobilisere skogeigarane, auke kunnskap og kompetanse og skape merksemd om Feiosprosjektet blei det gjennomført ei rekke kurs og arrangement som generelt hadde godt oppmøte:

- Skogkveld i Feios 19.12.2009, Presentasjon av prosjektet m.m.
 - Skogdag på Lunde i Feios 17.11.2010, demonstrasjon av skogarbeidsutstyr m.m.
 - Skogkveld på ungdomshuset i Feios 17.11.2010, Informasjon om prosjektet og tema «transport»
 - Skogkurs for ungdomsskuleelevar i Feios (rekruttering), 2011
 - Skogdag i Feios 5.4.2013, tema: skogbruksplanar/Borregaard og skogforsikring
 - Kurs i bruk av skogbruksplanen, 21.3.2014 Feios
 - Skogdag 22.3.2014 på Borlaug i Feios, tema: tømmertransport, frø- og planteforsyning, Norsk PEFC-skogstandard
-

3.1.7 Planlegging av avverkeringsperioden

Det var opphavleg eit mål å lage ein driftsplan for heile skogreisingssskogen i Feios. Etter skogstakseringa var kommen, fekk ein stadfesta at den «store skogdriften» likevel låg noko fram i tid. På grunnlag av skogbruksplanane blei det laga ei oversikt over «hovudtal for skogen i Feios» (sjå vedlegg 5.10). Torkel Hofseth frå Fylkesmannen laga så ei oversikt over granfelta og i kva tidsperiode dei blir hogstmodne (sjå vedlegg 5.11). Han laga også ei oversikt over tømmervolumet som kan takast ut i periodar på 5 år mellom 2015 og 20160 (sjå diagram nedanfor). I fylgje dette blir hovudperioden i åra mellom 2040 og 2060 der det skal haustast over 20.000 m³ tømmer kvart år.



Torkel Hofseth og prosjektleiar Peder Magnussen byrja på arbeidet med å ta i bruk GIS (geografisk informasjonssystem) til arbeidet med driftsplanen. Dessverre var ikkje det nok tid å komme heilt i mål med dette. Men det blei laga eit kart over driftsterrenget som viser kva driftsform som ville vere aktuell i dei ulike områda. Det er skilt mellom taubaneterreng, traktorterreng 20-40 % og lett traktorterreng 0-20 %. Dessutan blei det laga eit kart som viser i kva 5-årsperiode granskogen på dei ulike teigane vil vere hogstmoden. På dette grunnlaget kan ein planleggje vidare og komme fram til periodevis drifter som t.d. kan køyrast med om lag 5 år mellomrom.

Det blei opphavlege også tenkt på infrastruktura som må vere på plass når dei ulike felta skal hoggast. Men prosessen kring Feios kraftverk gjorde at mykje av skogsvegbygginga kjem

til å bli gjennomført i næraste framtid, sjølv om hogsten ligg noko fram i tid, med omsyn til tilgangen på rimelege masser som kan brukast til vegbygging.

Det har aldri vore tvil om at tømmerkaia på Håstrondi må utvidast når større kvantum skal hoggast per år. Kaia sin kapasitet var allereie i 2014/2015 sprengt i samband med hogst av gran i kommunen elles.

3.2 Økonomi

Feiosprosjektet blei starta som prosjekt som skulle fullfinansierast av tilskot. I avtalen av 9.12.2009 mellom Feios Skogreisingslag og Vik kommune tok Vik kommune, i tillegg til å ta på seg arbeidsgjevaransvaret for prosjektleiar, også ansvaret for prosjektrekneskapen. Det blei oppretta eit bunde driftsfond for prosjektet.

Feiosprosjektet blei finansiert via statstilskot i form av kystskogmidlar og BU-midlar (bygdeutviklingsmidlar). Prosjektet søkte om eit fast årleg tilskot på 190.000 kr over 5 år, men fekk i staden årlege løyvingar:

Tilskot frå BU-midlane 2009:	190.000 kr
Tilskot frå BU-midlane 2010:	150.000 kr
Tilskot frå BU-midlane 2011:	150.000 kr
Tilskot frå midlar til Kystskogbruket 2012:	40.000 kr
Tilskot frå midlar til Kystskogbruket 2013:	40.000 kr
Tilskot frå BU-midlane 2013:	150.000 kr
Tilskot frå BU-midlane 2014:	30.000 kr

Sum	750.000 kr

Sluttrekneskap Feiosprosjekt 2009-2015	
KOSTNADER	
LØN PROSJEKLEIAR, PENSJON, FORSIKRING, ARBEIDSGJEVARAVGIFT	471 098
KONTORLEIGE	100 000
MØTEGODTGJERSLE STYRINGSGRUPPE	55 500
KONSULENTTENESTER/REISE STYRINGSGRUPPE OG ANDRE	42 355
KJØP RESTERANDE SKOGBRUKSPPLANAR	32 944
SERVERING OG HUSLEIGE MØTE OG KURS	27 551
ANNONSERING	5 521
DELTAKING KURS OG KONFERANSER	2 236
GÅVER	691
FORBRUKSMATERIELL	198
SUM	738 094
FINANSIERING	
BU-MIDLAR	670 000
MIDLAR KYSTSKOGBRUKET	80 000
SUM	750 000
RESULTAT	11 906

4 ERFARINGAR FRÅ PROSJEKTET

Då ein i starten formulerte måla med Feiosprosjektet hadde ein lite kunnskap om skogreisingssskogen i Feios og utfordringane med å hauste denne. Prosjektgruppa var såleis klar over, at det kunne bli naudsynt å justere måla undervegs, etter kvart som kunnskapen om skogen og skogeigarane aukar.

I løpet av prosjektperioden har fokuset som ein fyrst hadde på «samdrift» endra seg mot «samarbeid», med tyngdepunkt på vegbygging. Sidan ein mindre del av skogen viste seg å vere hogstmoden, blei det lagd større vekt på tilretteleggjande tiltak, slik som vegbygging og vegavtalar inkludert planarbeid, enn på sjølve avverkinga. Skogbruksplanane har vore mest brukte i denne samanhengen, i staden for konkret planlegging av hogst.

Alt i alt konsentrerte prosjektet seg om dei tiltaka som var viktigast med tanke på å førebu den store hogstperioden. Prosjektet marknadsførte seg det siste året sjølv med desse ord:

Feiosprosjektet har som mål å leggje til rette for hausting av produktivt skog og god skogkultur i Feios. Viktige oppgåver er å fremje samarbeid mellom aktuelle skogeigarar og jobbe for den naudsynte infrastrukturen med tanke på skogs- og bilvegar.

4.1 Positive erfaringar

Generelt har dei positive erfaringane med prosjektet dominert. Erfaringane frå Feios har også vore viktige for det overordna prosjektet «Frå ti til en». Det skal her trekkjast fram nokre punkt som vurderast som spesielt viktig.

Lokalt engasjement

Totalt sett kan det seiast at den lokale medverknaden i prosjektet var veldig bra. Sjølv om ikkje alle 76 skogeigarar viste like stor engasjement, kan ein trygt seie at det var bra interesse og engasjement i frå dei som deltok i prosjektet sine aktivitetar.

Skogtakst

Det å tinge skogtaksten har vist seg som svært positivt for prosjektet og i grunnen som sjølv grunnlaget for gjennomføring. Det å få ei oversikt over kor mykje skog som faktisk står i området og kor gamal den er, er avgjerande for planlegging av drifter, bygging av skogsvegar m. m. I Feios trudde ein fyrst at det var meir hogstmoden skog enn det i realitet var, noko som har endra måla med prosjektet.

Samansetjing av styringsgruppa

Faktumet at både Feios skogreisingslag, Fylkesmannen, Skognæringsforum Sogn og Fjordane og Vik kommune har vore med i styringsgruppa vurderast som svært positivt og avgjerande for resultata frå prosjektet. Styringsgruppa var alltid godt orientert om det som føregjekk innan skogbruk i fylket, og Feiosprosjektet var såleis i stand til å reflektere over seg sjølv i ein større samanheng. At det var to representantar frå Feios skogreisingslag i styringsgruppa gjorde at prosjektet hadde god kontakt lokalt og informasjon om det som skjedde i skogbruket i Feios.

Kontorstad på kommunehuset

Noverande prosjektleiar vurderer det som sterkt positivt at prosjektleiar har kontorstad på kommunehuset, framføre å ha kontor for seg sjølv ein anna plass eller jobbe heime i frå. Sjølv om det ikkje er garantert at kommunen til ein kvar tid har skogfagleg kompetanse på huset, er det ein stor fordel å ha kontakt med andre fagmiljø som står skogbruket nær, t. d. jordbruk, plan, kommunalteknikk m. m. Det hjelpar også å sjå prosjektet i ein større samanheng i kommunen og koordinere prosjektet sine aktivitetar med forvaltningsmåla.

4.2 Negative erfaringar

Storleik prosjektleiarstilling, kontinuitet og fagmiljø

I årsrapporten for 2010 blei det nemnd at stillinga som prosjektleiar på 20 % var for lite til å gjennomføre prosjektet på ein god måte. Det blei også skrive at det er eit ulempe at kommunen ikkje har nokon med skogfagleg kompetanse som prosjektleiar kan diskutere med. Det er også klart eit ulempe når eit prosjekt har fleire ulike prosjektleiar, samt periodar inn i mellom utan prosjektleiar.

Skogbruksplanar

Det tok svært lang tid frå bestilling av skogbruksplanane og fram til skogeigarane faktisk hadde dei i hendene, noko som både må seiast å ha vore svært negativt for motivasjonen til skogeigarane om å kjøpe planane, og for framdrifta i heile prosjektet. I tillegg var det usemje om dekarprisen som blei avtalt. Sidan det ikkje blei laga ei skriftleg avtale, var dette vanskeleg å finne ut av i etterkant og skogbruksplanane blei sett frå prosjektet sin ståstad som relativt dyre. Kurset om bruk av skogbruksplanar forklarte mange uttrykk i planen, men var etter prosjektleiar si meining ikkje retta nok mot spørsmålet korleis ein brukar skogbruksplanen i praksis.

4.3 Forbetringsforslag

Anna type skogbruksplan

Det kan stillast spørsmålet ved om skogbruksplanane slik dei står fram med tanke på innhald, er gode nok eigna som reiskap for skogeigarane i Feios (eller skogeigarar på Vestlandet elles). Utforming av planane har nok skjedd med tanke på større skogeiedomar med jamleg hogst. På mange av dei små skogeiedomar vil det derimot vere hogstaktivitet berre ein gong per generasjon. Slik sett ville det vere ynskjeleg med skogbruksplanar som t. d. også sa noko om tilrådd driftsform (maskinell eller taubane), sidan dette vil påverke kva vegar ein eventuelt treng for å kunne hauste tømmeret. Kurset om bruk av skogbruksplanane, som i tilfellet Feios var med i leveransen, kunne som sagt før vere ei meir praksisretta opplæring i bruk av planen.

Skogtaksering som basis

Ein burde sjå på skogtaksering som grunnlag for all arbeid i den type prosjekt, og dette bør vere det fyrste som må på plass når ein set i gang. I Feiosprosjektet var skogtakseringa fyrst tilgjengeleg i 2013 dvs. nesten på slutten av prosjektperioden.

5 VEGEN VIDARE

Sidan det alltid var opplagd at avverkinga av skogreisingssskogen i Feios vil gå føre seg over fleire tiår framover, var det klar at samarbeidet må gå vidare etter prosjektperioden. Oppgåver som gjenstår er:

- Bygging av resterande skogsvegar og vidare innspel til kommunen sitt arbeid med *Hovudplan skogsveg*
- Koordinering av massetransport i samband med Feios kraftverk i samarbeid med utbyggjar
- Danning av veglag
- Vegavtalar for vegane som er bygde
- Godkjenning av dei relevante offentlege vegane i Feios til tømmertransport
- Driftsplan for Feios (Kor ofte bør det hoggast (driftsperioder)? Kva felt bør avverkast i same periode?)
- Utvide kapasiteten til tømmerkaia
- Etablere ein nettstad der resultata frå Feiosprosjektet blir gjort tilgjengelege

Feios skogreisingslag ville vere naturleg som lokal aktør i Feios som fylg opp prosessane kring tømmerkaia, massane frå Feios kraftverk, vegbygging, driftsplan og etter kvart også planting. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane bør kunne bidra med å utarbeide ein strategisk driftplan via det 3-årige vegplanleggjerprosjektet.

Vik kommune jobbar vidare med *Hovudplan skogsveg*, planen som seier noko om skogbruket sine behov for infrastruktur i kommunen, og bør her samarbeide tett med Feios skogreisingslag om planen i Feios. Det same gjeld Vestskog og utviding av tømmerkaia, som også blir brukt for levering av tømmer frå andre delar av kommunen. Kommunen bør også kunne gje råd, eventuelt organisere kurs vedrørande danning av veglag samt utforming av vedtekter og vegavtalar. Det vil også vere naturleg at kommunen legg til rette for formidling av erfaringane frå Feiosprosjektet, ved å etablere ein vevstad knytt til kommunen sine nettsider.

For å oppnå betre samarbeid på tvers av eigedomsgrensene som også gjev auka lønsemd for mindre skogeigedomar, må det andre verkemiddel til enn dei som er tilgjengelege i dag. Det bør vere ein moglegheit å betre kunne «premiere» viljen til samarbeid.

Vik, 30.3.2016

Karen Weichert
Prosjektleder

VEDLEGG

- 5.1 Avtale mellom Vik kommune og Feios Skogreisingslag i samarbeid med KMB-prosjektet «Fra til til en»**
- 5.2 Prosjektskildring „Fra til til en” (19.06.2008)**
- 5.3 Resultat prosjekt „Fra til til en”**
- 5.4 Årsrapportar 2009-2013**
- 5.5 Nyheitsbrev**
- 5.6 Innspel til kommuneplanen**
- 5.7 Oppgradering av bilvegane i Feios i samband med framtidig tømmertransport**
- 5.8 Høyringsinnspel Feios kraftverk**
- 5.9 Døme på «forenkla skogbruksplan»**
- 5.10 Hovudtal for skogen i Feios**
- 5.11 Kart**
 - Oversiktskart Feios (kjelde: Gardskart)
 - Oversikt hogstmoden skog i Feios
 - Typar og fordeling driftsterreng i Feios
 - Utkast kart *Hovudplan skogsveg*
- 5.12 Feiosprosjektet i media**
- 5.13 Litterarturliste**

Nyeggen, Hans & Bernt-Håvard Øyen (2011): Skogressurser i Åfetdalen. Feios, Vik i Sogn 2010. Oppdragsrapport frå Skog og landskap 01/2011

Follo, Gro & Birger Vennesand: «Frå ti til en» følgeforskningens andre notat frå feltprosjektaktørane og tre begynnende konklusjoner. Notat nr 1/12, ISBN 1503-2017

Kjøllesdal, Tuoril G. (1995): Private skogsbilveier – Ansvarsforhold. Norges skogeierforbund TGK/N94246-745.

Norges skogeierforbund: Normalvedtekter for skogsbilvegslag, organisert i tråd med Lov om samvirkeforetak av 29. juni 2007 (Samvirkelova). DSK/N12026/08-133.

Vedlegg

Til sluttrapporten for Feiosprosjektet

Vedlegg 1:

Avtale mellom Vik kommune og Feios Skogreisingslag i samarbeid med KMB-prosjektet «Frå til til en»

AVTALE MELLOM VIK KOMMUNE OG FEIOS SKOGREISINGSLAG I SAMBAND MED KMB-PROSJEKTET "FRÅ TI TIL EIN".

Bakgrunn for avtalen:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har i 2009 løyvd kr 190.000,- i tilskot frå BU-midlane til Feios skogreisingslag til første arbeidsår i feltprosjektet "Frå ti til ein". Prosjektet kan gå over fleire år, men løyvingar blir gjevne for eitt år om gongen.

Etter initiativ frå Feios skogreisingslag er det inngått slik avtale mellom Vik kommune og Feios skogreisingslag:

1. Vik kommune påtek seg arbeidsgjevaransvaret for prosjektleiaren. I utgangspunktet er dette ei 20 % stilling, med mogelegheit for justering undervegs.
2. Vik kommune får utbetalt heile tilskotet frå Fylkesmannen, og påteke seg alt ansvar i høve til inn- / utbetaling som fylgje av aktivitet i prosjektet med tilhøyrande rekneskapsføring m.m.
3. Vik kommune sine plikter er avhengig av, og varer så lenge Fylkesmannen gjev tilskot til prosjektet.
4. Styringsgruppa for prosjektet er ansvarleg for framdrifta i prosjektet, og rapporterer til Fylkesmannen i høve til den faglege delen av prosjektet.
5. Vik kommune stiller med ein person i styringsgruppa for prosjektet.

Vik i Sogn, 7.12.2009

VIK KOMMUNE
Rådmann
Pb. 134
6891 Vik i Sogn
.....
For Vik kommune

Rune Lund
.....
For Feios skogreisingslag

VIK KOMMUNE	
Reg.nr	09/7896 VESB
09 DES. 2009	
FEIOS SKOGREISINGSLAG	
J.M.	09/1850-1

VIK KOMMUNE	
Reg.nr	09/7895 VESB
09 DES. 2009	
Arkiv P	V80
J.M.	09/1035-3

"Fra ti til en" — eiendomsoverbyggende samarbeid for private, personlige skogeiere i kystskogbruket

Del 1: Kompetanseprosjektet med brukermedvirkning (KMB-prosjektet)

1. Mål

Bakgrunn

Det norske skogeierskapet er fragmentert. Det er ca. 116 300 private, personlig eide eiendommer med minst 25 dekar produktiv skog (Statistisk sentralbyrå 2005a). Ved siste telling i 1989 eide de 78 prosent av det produktive arealet (Blekesaune 1997), men deres gjennomsnittelige skogeiendom var ikke på mer enn ca. 450 dekar (Vennesland, Hobbelsstad, Bolkesjø, Baardsen, Hoen, Lileng og Rolstad 2006). Kun 765 av dem hadde på samme tidspunkt (1989) mer enn 5 000 dekar produktiv skog (Statistisk sentralbyrå 2005b). Kystskogbrukets fylker (Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag, Nord-Trøndelag, Nordland, Troms og Finnmark) har omtrent like mange skogeiendommer som innlandsfylkene, men gjennomsnittseiendommen er mindre og teigblanding mer utbredt (Prosjekt Kystskogbruket 2008).

Det er store ulikheter i skogeiernes kompetansenivå. Variasjonsbredden strekker seg fra de med forstlig universitetsutdanning, via de med praktisk rettet skogbruksutdanning og/eller kompetanse tilegnet ved egenaktivitet i skogen, til de som ingen formell eller uformell skogbrukskompetanse har. Det er da også slående at en blant skogeiere i Trøndelag finner at 23 prosent av mennene og 49 prosent av kvinnene ikke gir svar på spørsmålet om andelen hogstmoden skog av produktivt areal, og at 28 prosent av mennene og 44 prosent av kvinnene er ukjent med at det offentlige gir tilskudd til privateid skog (Follo, Forbord, Almås, Blekesaune og Rye 2006). Og andelene er så store enda all erfaring fra surveyundersøkelser tilsier at det er de mest aktive, interesserte og kompetansebesittende som har hatt størst svarvillighet. Også blant skogeiere på Vestlandet, og da for de som har levert tømmer de siste ti årene (1985-1995), finner en at kunnskapsressursene er svake (Amdam, Barstad og Olsen 2000).


Utfordringar

Avgrensa kapasitet og kompetanse

Prosjektleiarstilling på 20 % gjer det vanskeleg å gjennomføre prosjektet på ein god måte, særleg sett i lys av at kommunen manglar skogfagleg kompetanse som prosjektleiar kan stø seg til og diskutere med.

Flaksehalsar på bygdavegane

Dei offentlege vegane i Feios (fylkesvegar og kommuevegar) er smale, har flaskehalssvingar, har låg bæreevne og er dårleg vedlikehaldne. Den dårlege standarden gjer at det ikkje er mogeleg å køyre tømmerbil med hengar og dermed reduserer det økonomisk overskotet ved hogst. I tillegg skapar det trafikkfarlege situasjonar. Feiosprosjektet skal skipa til eit stort vegmøte for eigarane og brukarane av vegen, der målsettinga er å komme fram til løysning som kan føre til at vegane blir utbetra.

Prosjektet er ellers i rute i forhold til plan og målsettingane.

- Asbjørn Grindedal -

Prosjektleiar

ÅRSRAPORT FOR FEIOSPROSJEKTET 2011

Tre år er no gått sidan prosjektet starta opp.

Prosjektleiinga er den same som frå starten.

Leiar	Rune Lunde	Bonde og skogeigar i Feios
styremedl	Tone Feidje Midlang	Skogeigar og bonde i Feios
styremedl	Merete Larsmon	Seniorrådgivar skog FMLA Sogn og Fjordane
styremedl	Hans Fr Lauvstad	Sogn og Fjordane skogselskap
styremedl	Veronika Seim Bech	Landbrukssjef Vik kommune
prosjektleiar	Asbjørn Grindedal	Tilsett 20% skogeigar og bonde i Feios

I 2011 har dette skjedd

Prosjektleiaren ser med bekymring for rekrutteringa i skog og landbruket og arrangerte skogkurs i hogstteknikk for ungdomsskule elevar i Feios, dette vart stort engasjement rundt og ivrige skuleelevar såg føre seg ei framtid som skogsarbeidar. Kurset utløyste eit ras av mange skogkurs i Vik kommune i etterkant.

Rune, Hans og Asbjørn var på samling i Trondheim for hovudprosjektet. Samlinga dreidde seg om presentasjon av alle feltprosjekta i *Frå 10 til ein*.

Skogtakst i heile Feios, utført av Leif Laache frå Sogn og Fjordane Skogeigarlag. Me har førebels ikkje motteke noko informasjon om taksten, men det er signal om store mengder med gran, betydeleg meir en antatt. Me ventar spent på resultata.

Leiaren i styringsgruppa deltok i skogfagleg samling 10 -11 mai, prosjektleiaren kunne ikkje møte.

Prosjektet set eg som høgaste mål å arbeide for utbetring av dei offentlege vegane i Feios, då desse er eit stort handikapp for skogen i Feios. Det blir oppretta kontakt med Sognekraft som skal bygge stort kraftverk i bygda, ein del vegar vil som fylje av det bli noko opprusta. Kraftverksutbygginga vil utløyse store mengder med tunnellmasse , som er ein utmerka resurs å bygge gode vegar av. Målsettinga her vil vere å få til eit samarbeid mellom ulike offentlege etatar og grunneigarar, om utbetring av vegane.

Det omdiskuterte store vegmøtet er førebels ikkje blitt noko av, då ein har komme fram til at å prate med dei «rette» folka, eller halde fleire mindre møter, er kanskje vel so bra.

13.12 blei det halde eit stort skogmøte for skogeigarane med presentasjon av Ørstadprosjektet av Hans Petter Eidseflot, samt presentasjon av skogtaksten i Aafedtdalen av Hans Nyeggen. Tilbakemeldingane frå dei frammøtte skogeigarane var engasjerande og positiv.

Prosjektleiaren var påmeldt på Kystskogbruket sine temadagar i Molde 1. og 2. desember men måtte melde avbud pga. meldingar om svært dårleg ver, og prioriterte då å vere heime å passe garden.

Det vart bestemt at ein skulle leige in ekstern hjelp i form av to ekstra prosjektleiarar. Hans Fredrik Lauvstad og Helge Kårstad sa seg villig til dette, og dei blir ein fantastisk ressurs å ha med på laget.

Det har vorte sendt ut eit nyheitsbrev til alle skogeigarar i prosjektet. Dette for å halde skogeigarane «varme», oppdaterte, vise at det skjer noko i bygda med prosjektet.

Det vart hogge ein del skog i Feios i regi av Sogn og Fjordane skogeigarlag. Dette som eit resultat av leiting etter hogstmogen skog i 2010.

Rune, Tone, Merete og Asbjørn deltok på stor biodag i Fjærland 13.09

Følgforskninga av prosjektet med Gro Follo går som planlagt.

Det har vore halde 4 møter i styringsgruppa, referat 5,6,7,og 8 ligg vedlagt.

Prosjektet har fått eit ekstra motto, med dei uforgløyemelege sannheitens ord frå Hans Fredrik Lauvstad: ***Skjeldan har eit så godt prosjekt vore avhengig av så mykje dårleg veg.***

Økonomi

Lønn, møtegodtgjersle etch	Ut 109.432
Reise, opphold, møteutgifter	Ut 10.326
Husleige	Ut 41.870
statilskot	In 150.000
Andre tilskot	In 40.000
Satt av til fond	68.373

Vegen vidare

Første målsetting for 2012 vil vera og få prosjektet inn i kommuneplanen, nytte høve i større offentlege møter til å presentera prosjektet og prosjektets store nytteverdi for bygda. Inngå eit tettare oppfylging av Sognekraft sine kraftverksplanar, med tanke på utnytting av overskotsmassar til vegbygging. Me vil og komme i gang med kontakt med grunneigarar for å danna vegringar, og komme i gang med vegplanlegging i områder som har dei mest hogstklare granfelta og der ein ser sjangsen som størst til å lukkast med dette, og forsette det viktigge arbeide med det dårlege offentlege vegnettet.

Prosjektet er ellers i rute i forhold til plan og målsetting.

-Asbjørn Grindedal-

ÅRSRAPPORT 2012 "FEIOSPROSJEKTET"



"Frå ti til ein – eigedomsoverbyggande samarbeid for skogeigarar", og feltprosjektet i Feios. Prosjektet starta i 2009 og eigarar er Feios Skogreisingslag og Skognæringsforum i Sogn og Fjordane.

Mål

Målet for prosjektet er å prøve ut ulike eigedomsoverbyggande samarbeid mellom skogeigarane i Feios. Prosjektet arbeider for å få til hausting av skogreisingskogen og god skogkultur i Feios gjennom eit samarbeid. For å kome vidare mot dette målet er me avhengig av ei solid oversikt over skogressursane på kva enkelt eigedom.

2012

Feiosprosjektet har hatt låg aktivitet i 2012. Ein kan sei at prosjektet har vorte liggande litt «på vent» av fleire årsaker:

Skogtakst

Me ventar på skogtakst for heile Feios og skogbruksplanar for kva einskild skogeigedom. Feltarbeidet vart gjennomført av Leif Laache i Sogn og Fjordane Skogeigarlag sommaren 2011, men kontordelen av arbeidet tek tid. Skogeigarlaget har no lova at taksten vert ferdig i fyrste halvdel av 2013. Skogbruksplanar er avgjerande for å nå mål om godt samarbeid.

Bygging av skogsvegar / etablering av veglag

Ei anna forhold er at fyrste steg mot hausting av skogreisingskogen i Feios er bygging av skogsvegar. Prosjektet arbeider for at også bygging av vegar skjer i eit omforeint og godt samarbeid mellom grunneigarane. Ein har hatt møter med grupper av grunneigarar med formål å tenke bygging av felles vegar og etablering av veglag.

Innspel til ny kommuneplan for Vik

Den 24.01.12 deltok prosjektet på eit ope folkemøte i Feios om revisjon av kommuneplanen. Helge Kårstad og Hans F. Lauvstad fekk legge fram tema som Feiosprosjektet arbeidar med og som me meiner er relevante for ny kommuneplan for Vik. Dette innlegget vart også formulert i brevs form og sendt som innspel til kommunen, jf. vedlegg.

Kommunen ved rådmann og ordførar har teke vidare temaet dårlege Fylkeskommunale vegar med FK i Planforum.

Feiosprosjektet har også oppretta god dialog med næringssjef i Vik kommune, Odd Rune Turvoll.

Kontakt med Fylkeskommunen om vegar

Feiosprosjektet har kontakta Fylkeskommunen for å gjere dei merksam på konsekvensar av dei dårlege fylkeskommunale vegane i Feios. Store deler av strekningane er «flaskehalsar» for utkøyring av tømmer. Dette var sak i FU den 28.11.12.

I brev til Vik kommune av 16.02.12 «Svar- Revisjon av kommuneplanen. Oppstart av planarbeid» skriv FK: «..., men merkar oss at det for delplan Feios vil vere behov for oppgradering av vegane i området for å forvalte dei store tømmerressursane her. Viser til drøfting i Planforum om å sjå vegplanlegginga i samanheng med utbygginga av kraftverket i Feios».

Innspel til FK sitt arbeidet med ny Regional transportplan vil verte viktig i 2013.

Ev. bygging av Feios Kraftverk AS

Samtidig ventar Sognekraft AS på konsesjon på bygging av Feios Kraftverk AS. Detaljplanlegginga er i full gang. I møte mellom Sognekraft og Feios-prosjektet som me tok initiativ til, er begge partar vorte oppmerksam på at ein har mykje å vinne på også å samarbeide her.

Aktuelle tema er felles vegar for skog og anleggsverksemd, bruk av overskotsmassar frå vasskrafttunellane til bygging av skogsvegar og plassering av kraftliner slik at desse kjem i minst mogeleg konflikt med skog og hogst.

Det vert arbeida med å etablere midlertidige massedeponi for skotstein og at det vert sett av areal til midlertidig deponi i arealdelen av kommuneplanen.

Prosjektleiarstillinga

Prosjektleiaren Asbjørn Grindedal sa diverre opp si 20% stilling i Feiosprosjektet med verknad frå 06.09. Ny prosjektleiar skal tilsetjast. Frå 2013 vil ein opprette ein kombinert skogstilling der vedkommande arbeider 40% for Feiosprosjektet og 60 % for Sogn og Fjordane skogeigarlag med kontorstad i Vik kommune.

Styringsgruppa

Styringsgruppa er samansett som før: Runde Lunde (leiar, Feios Skogreisingslag), Merete Larsmon (nestleiar, Kystskogbruket/Fylkesmannen), Tone Fedje Midlang (medlem, Feios Skogreisingslag), Hans Fr. Lauvstad (medlem, Skognæringsforum), Veronika Seim Bech (medlem, Vik kommune).

Gruppa har berre hatt to møter dette året (06.09 og 26.10). Størstedelen av kommunikasjonen har føregått via telefon og e-post.

Innleigd kompetanse

I 2012 har prosjektet leigd inn noko ekstern kompetanse for å fylje opp viktige oppgåver. Desse er Nils Olaf Kyllø (vegplanlegging), Hans Fredrik Lauvstad og Helge Kårstad (innspel til kommuneplan, møter med grunneigarar, kontakt med Sognekraft og Fylkeskommunen).

Fylgjeforsking

Norsk senter for Bygdeforskning ved Gro Follo driv fylgjeforsking på prosjektet. Ho har presentert funn midtvegs i prosjektperioden for styringsgruppa. Resultata er interessante og styringsgruppa har teke til fylgje ein del av «funna».

Økonomi

Rekneskapet viser eit forbruk på kr 110.938,- i 2012. Med lågare aktivitet har prosjektet også hatt mindre utgifter i 2012 enn budsjettet. Prosjektet har sett av ubrukte midlar, kr 145.280,-, på fond. Vik kommunen fører rekneskap.

For 2012 har ikkje prosjektet søkt om tilskot frå Fylkesmannen, men i staden for søkt om å få forlenga prosjektperioden med eitt år (til og med 2014).

Måloppnåing

Styringsgruppa legg opp til ein vesentleg større aktivitet så snart taksten og skogbruksplanane er klar og ein har fått på plass ny prosjektleiar med noko større stillingsprosent. Me reknar med at dette skjer frå tidleg vår 2013.

Styriet meiner likevel det er mykje større moglegheiter for å lukkast med eit omfattande og positivt samarbeid om hogst og skogkultur i Feios dersom prosjektet får gå over ein lenger periode. Taksten og ny prosjektleiar er avgjerande for vidare arbeid, og det vil vere eit stort føremon om samarbeidet rundt kraftutbygginga i Feios kan fylgjast opp. Planlagt prosjektperiode var 5 år med oppstart 2009 og avslutning i 2013.

Styringsgruppa ser det som svært positivt dersom perioden kan forlengast til utgangen av 2014.

Vedlegg: "Innspel til kommuneplan for Vik" av 15.02.2012.

VSB, 13.02.13

ÅRSRAPPORT 2013

"FEIOSPROSJEKTET"



"Frå ti til ein – eigedomsoverbyggande samarbeid for skogeigarar", og feltprosjektet i Feios. Prosjektet starta i 2009 og eigarar er Feios Skogreisingslag og Skognæringsforum i Sogn og Fjordane.

Mål

Målet for prosjektet er å prøve ut ulike eigedomsoverbyggande samarbeid mellom skogeigarane i Feios. Prosjektet arbeider for å få til hausting av skogreisingskogen og god skogkultur i Feios gjennom eit samarbeid mellom skogeigarane. For å komme vidare mot dette målet er ein avhengig av ei oversikt over skogressursane på kva enkelt eigedom.

2013

Feiosprosjektet har hatt relativ høg aktivitet i 2013. Ny prosjektleider og ein engasjert fylkesmeister har vore positiv for prosjektet.

Ny prosjektleider

Peder Magnussen frå Tønsberg vart tilset som ny prosjektleiar frå slutten av januar. I tillegg til 40 % som prosjektleiar hadde han 60 % stilling som skogbruksleiar i Sogn og Fjordane Skogeigarlag.

Styringsgruppa

Styringsgruppa er samansett som før:

- Runde Lunde (leiar, Feios Skogreisingslag)
- Merete Larsmon (nestleiar, Kystskogbruket/Fylkesmannen)
- Tone Fedje Midlang (medlem, Feios Skogreisingslag)
- Hans Fr. Lauvstad (medlem, Skognæringsforum)
- Karen Weichert (medlem, Vik kommune, for Veronika Seim Bech som har permisjon)
- Peder Magnussen (prosjektleiar)

Gruppa har hatt to møte dette året (06.02 og 21.10). Størstedelen av kommunikasjonen har føregått via telefon og e-post.

Skogkveld med utdeling av skogbruksplaner

Ein kveld i april inviterte styre i prosjektet grunneigarane i Feios til skogkveld med utdeling av skogbruksplanar. Jan Ivar Rødland frå Skogbrand skogforsikring heldt eit innlegg om skogforsikring.

Oppgradering av dei offentlege vegane i Feios

I lag med ein tømmerbilsjåfør, ein entreprenør og ein vegplanlegger såg prosjektleiaren på kva som skulle til for å oppgradere fylkesvegane i Feios slik at dei kan brukast i samband med tømmertransporten. Det ble tatt bilete og det blei laga ein kostnadsoverslag for opprustinga. Rådmannen i Vik kommunen, Oddbjørn Ese, har teke dette temaet opp med Fylkeskommunen.

Feios Kraftverk

Feiosprosjektet skreiv eit høyringsinnspel i samband med utbygginga av Feios kraftverk. Prosjektet meiner at alle føreslegne trasé for linjeføring er uheldige for skogbruket, fordi det er til hinder for bruk av taubane på store skogsareal. På same tid er det visuelt svært uheldig for bygda. Høyringsinnspelet ligg ved.

Modellering av aktuelle område for hogst

I lag med fylkesskogmeister Torkel Hofseth har prosjektleiar brukt dataprogram for å finne ut kor ein kan forvente å kunne hogge skogen i Feios først. Ved hjelp av volumtabellar er volumet framskrive og det blei funne alderen når trea er hogstmodne.

Fylgieforsking

Norsk senter for Bygdeforsking ved Gro Follo brukar Feiosprosjektet som case i fylgieforsking. Gro presenterte for styringsgruppa resultata etter halve prosjektperioden. Styringsgruppa har teke ein del av «funna» til etterretning. I mai hadde Rune Lunde, Hans Lauvstad og Peder Magnussen nytt møte med Gro Follo på Gardemoen for å få ein gjennomgang av fleire resultat, noko som var svært interessant for prosjektet.

Økonomi

Det er Vik kommunen som fører rekneskapen for prosjektet. I 2012 der det pga. manglande prosjektleiar var redusert aktivitet i prosjektet, var utgiftene totalt på 111.407 kr, noko som var mindre enn det var budsjettert med. I 2013 med ny prosjektleiar har aktiviteten som forventa gått opp, og dette visast på kostnadssida.

I 2013 var dei samla utgiftene for prosjektet på kr 244.579 (sjå vedlagt rekneskap). Feiosprosjektet fekk i 2013 kr 152.500 i tilskot, kr 112.500 var BU-midlar frå Fylkesmannen og kr 40.000 var tilskot frå kystskogmidlane (Fylkesmannen). Differansen mellom inntektene og utgiftene blei dekkja med midlar frå driftsfondet. Per 31.12.2013 var det 54.320, 38 kr i fondet.

Planar for 2014

Året 2014 er siste året for prosjektet og det er difor venta stor aktivitet. Ein framtidig oppgradering av både dei aktuelle kommunale vegane og fylkesvegane må sikrast for å halde transportkostanden for tømmer på akseptabelt nivå (unngå kipping). Mange av skogeigarane har skogbruksplanar no, men det trengast kunnskap for å ta dei i bruk. Prosjektet ynskjer å arrangere eit kurs i bruk av skogbruksplanen i samband med ein open skogdag i Feios. Her skal også frøsinkning, skogforsikring og vidare samarbeid kring hogst (vegringar m.m.) vere tema.

PM, 11.02.14

Vedlegg:

- Rekneskap 2013
- ~~Budsjett 2014~~
- Høyringsinnspel Feios kraftverk
- Kartlegging tiltak på fylkesvegane

Feiosprosjektet

Blitt gjort:

- Skogkveld med grunneiere.
- Synfaringer av veiene på de statlige veiene i Feios med tømmerbilsjåfør, veiplanlegger og entreprenør.
- Søkt om tilskuddsmidler.
- Skrevet høringsuttalelse til kraftverket.
- Engasjert fylkesskogmester Torkel Hofseth for å lage en driftsplan for hele Feios.

Bør gjøres:

- Lage et forslag til vedtekter i forbindelse med felles veier (Sæterlivegen). Snakke med Hans. Først aktuelt til høsten.
- Be Atle om faktura på skogbruksplaner.
- Skogdag med skogeierne.
- Planlegge hvor det bør dannes felles veiringer.
- Benytte ArcView til å lage en driftsplan for Feios.
- **Nyhetsbrev!**
- Fagdag om skogbruksplaner (Leif Laache)
- Tenke mer på forsikringer.
- Be om å få utbetaling på det vi ikke har fått av lovet tilskudd (2013), samt ev. søke nye midler til Randi Erdal.
- Få med Magnus Mo til å planlegge skogsbilveier. Venter også på faktura fra Magnus.

Vedlegg 5:

Nyheitsbrev

NYHEITSBREV nr. 1 "FEIOSPROSJEKTET"



Til skogeigarar i Feios

09.05.2011

Ynskje om meir informasjon!

Du er truleg kjend med at Feios er med i prosjektet *"Frå ti til ein – eigedomsoverbyggande samarbeid for skogeigarar"*. Gro Follo ved Senter for Bygdeforskning driv fylgjeforskning i alle dei 5 bygdene som er med i prosjektet, og har nyleg intervjuva nokre skogeigarar i Feios.

Styringsgruppa for "Feiosprosjektet" veit ikkje kven som har vorte intervjuva, men takkar dei som har stilt opp!

Eit av resultatane Gro har funne, er eit ynskje om meir informasjon. Styringsgruppa har difor vedteke å sende ut nyheitsbrev frå Feiosprosjektet. Dette er det fyrste.

Skogtakst pågår

Det meste av Feiosskogen skal takserast.

Takst for Aafedtdalen vart utført i 2010 og taksten synte at pr. i dag står det i overkant av 82.000 m³, kor 90 % av volumet er gran. I gjennomsnitt står det nærmare 28 m³ pr da. Granfeltet har hatt ein utvikling og framskrivingar syner at det ståande volumet i 2040 vil vera om lag 185.000 m³. Ein forventar eit gjennomsnitt på 70 m³ pr da. Med ein føresetnad om 150 kr i rotnetto pr m³ vil dette gi ein samla førstehandsverdi pålydande kr 27.750.000,- i Aafedtdalen.

Leif Laacke frå Skogeigarlaget har starta opp årets taksering, så både han og bilen vil de kunne møte på rundt om i bygda det meste av sommaren.

Skogsvegplanar – prioritering, organisering

Taksten vil vise kvar det fyrst er hogstmogen skog. Basert på dette vil ein ta initiativ til samarbeid som til dømes i form av "veglag" i dei ulike deler av bygda. Dersom det vert skipa fleire veglag i bygda, kan ein vurdere om det er nyttig av å danne ein "vegving" som overbygning for desse.

Bygdevegane er flaskehalsar for skogbruket

Hans Fredrik Lauvstad, tidlegare fylkesskogbrukssjef i Sogn og Fjordane har sagt:

"Sjeldan er eit så godt prosjekt avhengig av så mykje dårleg veg"

Feiosprosjektet vil invitere fylkeskommunen, kommunen, fylkesmannen, Sognekraft AS med fleire til eit møte der ein diskuterer mogelegheitene for opprusting av bygdevegane, slik at det kan køyrast av tømmerbil med hengar. Dette vil halvere tal køyreturar med tømmer, auke nettoen av hogst og vere svært positivt for bygda elles.

35 skogfolk på synfaring i Feios 10. mai

Fylkesmannen held samling for alle som jobbar med skog i kommunane i Sogn og Fjordane og Hordaland den 10 – 11 mai. Ein del av programmet er presentasjon av Feiosprosjektet og synfaring i Feios om ettermiddagen den 10. mai. Det vert synfaring på tømmerkaien, på Lunde og orientering om flaskehalsar i bygdavegane. Rune og Asbjørn fortel om bygda og prosjektet.

God sommar!

Med helsing

Asbjørn Grindedal

-prosjektleder-

Asbjørn Grindedal er tilsett som prosjektleder i 20% stilling og Vik kommune er husvert med arbeidsgivaransvar og føring av rekneskap. Styringsgruppa er sett saman slik som frå byrjinga:

- Rune Lunde Leder (Feios Skogreisingslag)
- Tone Fedje Midlang Medlem (Feios Skogreisingslag)
- Merete Larsmon Nestleder (Kystskogbruket/Fylkesmannen)
- Hans Fr Lauvstad Medlem (Skognæringsforum)
- Veronika Seim Bech Medlem (Vik kommune)

NYHEITSBREV nr. 2 "FEIOSPROSJEKTET"



Til skogeigarar i Feios

20.03.2013

Her kjem det andre Nyheitsbrevet frå styringsgruppa for "Feiosprosjektet".

Ny prosjektleiar

Etter at Asbjørn sa opp si stilling i august har det mangla prosjektleiar i Feiosprosjektet. Eg har teke over kontoret til Asbjørn i kommunehuset og hadde min fyrste arbeidsdag 28.01.13. Stillinga som før var 20 %, er no utvida til ein 40 % stilling. I tillegg til jobben med Feiosprosjektet har eg ein 60 % stilling som skogbruksleiar i Sogn og Fjordane Skogeigarlag, med kontorstad i Sogndal.

Eg er 26 år og har vakse opp på ein gard mellom Åsgårdstrand og Tønsberg i Vestfold. Eg har studert i fem år på Universitetet for miljø- og biovitenskap på Ås og har en bachelorgrad i naturforvaltning og ein mastergrad i skogfag. Sambuaren og eg bur i ei leilegheit på Tistel i Vik. De kan kontakte meg på tlf. 452 82 680 eller e-post peder.magnus.magnussen@vik.kommune.no

Skogkveld med takst og sodd 05.04.13 !

Styret i Feiosprosjektet inviterer til skogkveld **fredag 05. april i Feios ungdomshus fra 19.00-22.00.** Tema for kvelden vert skogbruksplanar og skogforsikring. Det vert servering av hjortesodd og dessert, samt enkel underhaldning.

Sogn og Fjordane Skogeigarlag jobbar med **skogbruksplanane for Feios**, og har lova oss å ha planane for dei største eigedomane klar til møtet. Me går igjennom ein skogbruksplan i plenum slik at de lærer korleis ein skogbruksplan skal tolkast og brukast. Planane som er ferdig vert delt ut på møtet og dei som ikkje er klar vert sendt ut i løpet av sommaren. Dei som har Borregaard fond får skogbruksplanane gratis, dei andre får høve til å kjøpe den for ein billig peng.

Jan Ivar Rødland fra Skogbrand kjem for å snakke om **skogforsikring**. Dette er eit tema som bør vera brennheitt no etter «Dagmar».

Vel møtt!

Som **vedlegg** ligg «Årsrapport for Feiosprosjektet 2012». Her kan de lese litt meir om året som gjekk. Vedlagt ligg også brevet "Innspel til kommuneplan for Vik" som Feiosprosjektet sende kommunen etter oppstart/bygdemøte i Feios i februar 2012. Brevet er høgst aktuelt i samband med ny arealdel til kommuneplan for Vik som det vert jobba intenst med denne vinteren og våren.

Vennlig hilsen

Peder Magnussen
Prosjektleiar

3. NYHEITSBREV "FEIOSPROSJEKTET"



Feiosprosjektet har som mål å leggje til rette for hausting av produktivt skog og god skogkultur i Feios. Viktige oppgåver er å fremje samarbeid mellom aktuelle skogeigarar og jobbe for den naudsynte infrastrukturen med tanke på skogs- og bilvegar.

Feios Skogreisingslag
Skognæringsforum i Sogn og Fjordane

13.08.2014

Her kjem det tredje nyheitsbrevet frå styringsgruppa for "Feiosprosjektet" med desse tema:

1. **Ny prosjektleiar i siste prosjektåret**
2. **Nytt frå forskingsprosjektet «Frå ti til en»**
3. **Vegvesenet løyver midlar til utbetring av Fylkesvegen**
4. **Status kommunale vegar i Feios**
5. **Status hovudplan skogsvegar**
6. **Skogforsikring**
7. **Skogdagen 2014 på Borlaug**
8. **Miljørappport for eigehogst**
9. **Henting av skogbruksplanar**
10. **Ferske BU-midlar til Feiosprosjektet**
11. **Omtale av prosjektet i media**
12. **Planane for siste prosjektåret**
13. **Nyheitsbrev på e-post**

1. Ny prosjektleiar i siste prosjektåret

Peder Magnussen har vore prosjektleiar for Feiosprosjektet i 40 %-stilling sidan januar 2013. På same tid hadde han ei 60 %-stilling i Sogn og Fjordane Skogeigarlag. Husten 2013 tok Peder til i full stilling i skogeigarlaget og måtte då dessverre slutte som prosjektleiar i Feiosprosjektet. Vi takkar Peder for god innsats!

Styringsgruppa blei einige om at prosjektet no i siste og viktigaste året treng ein prosjektleiar. Det blei drøfta ulike løysingar. Resultatet er at Vik kommune har sagt seg villige til å leige ut Karen Weichert som for tida jobbar som rådgjevar i avdeling for plan- og forvaltning, som prosjektleiar med inntil 20%-stilling. Karen er utdanna naturgeograf og har jobba med m. a. oppgåvene knytt til skogbruket i Vik kommune mens landbrukssjefen Veronika Seim Bech hadde fødselspermisjon. Veronika er no tilbake på sin plass i styringsgruppa til Feiosprosjektet.

Karen har kontor på kommunehuset og kan nåast på telefon 57 69 82 29 eller på e-post karen.weichert@vik.kommune.no.

2. Nytt frå forskingsprosjektet «Frå ti til en»

Feiosprosjektet starta som feltprosjekt innanfor prosjektet "Frå ti til en – eigedomsoverbyggande samarbeid for skogeigarar" finansierte av Forskingsrådet. I mai 2012 var tre av medlemmane i styringsgruppa på møte på Gardermoen for å høyre på innlegget til Gro Follo i Følgesforskninga. Essensen var at Feiosprosjektet var eit av prosjekta som har komme lengst. I juli 2013 publiserte Bygdeforskning Gro Folla og Birger Vennesland sin rapport «Skogeiere – frå ti til en» der også Feiosprosjektet er omtalt. Rapporten kan lastast ned i frå nettsida <http://www.bygdeforskning.no/nyheter/ny-rapport-om-skogeiersamarbeid>. Ein representant frå styringsgruppa deltok også på kystskogbruket sin konferansen 9. april på Værnes i Stjørdal der prosjektet «Frå ti til en» offisielt blei avslutta.

3. Vegvesenet løyver midlar til utbetring av Fylkesvegane

Nokre av dei største utfordringane i Feiosprosjektet er knytt til det offentlege vegnettet. Når vegane ikkje er gode nok for å kunne køyrast med vogntog og hengar når tømmeret skal transporterast ut, oppstår det store kostnader for kipping dvs. ein må flytte tømmeret frå eit mindre køyretøy over på vogntog. Kippetillegget utgjer ca. 30 kr per kubikkmeter tømmer.

Med god hjelp frå Magnus Mo i frå Gaular, som har mykje erfaring med tilrettelegging for tømmertransport, blei dei naudsynte tiltak på Fylkesvegen i Feios kostnadsrekna. Rådmannen i Vik kommune formidla dette vidare til Statens vegvesen og fekk i byrjinga av juni 2014 den glederleige tilbakemeldinga at Vegvesenet løyver 1,2 millionar til utbetring av fylkesvegane i Feios!

4. Status kommunale vegar i Feios

Utfordringane med tanke på vegane og kipping gjeld også dei kommunale vegane i Feios. Naudsynte tiltak på desse blei igjen med god hjelp av Magnus Mo kostnadsrekna, og resultatet skal spelast inn til kommunen sitt budsjettarbeid.

5. Status hovudplan skogsvegar

Det er utarbeidd eit framlegg (kartdel) til «Hovudplan skogsveg» som skal bli ein temaplan for kommuneplanen. Her har ein jobba spesifikt med skogsområda i Feios. Ein slik overordna plan for skogsvegar i kommunen skal syne behovet for nye skogsvegar dei neste tiåra. Arbeidet med planen held fram, og det er landbrukskontoret på kommunen som har ansvar for dette.

6. Skogforsikring

Temaet skogforsikring har vore teke opp ved fleire høve. Styringsgruppe vil her bruke høvet til å gje ei lita oppsummering:

- Naturskadefondet dekker ikkje skade på stormfelt skog, det er berre ei skogforsikring som gjer.
- I heile Sogn og Fjordane er det berre 78 grunneigarar som er forsikra (28 i Vik – bra!).
- Det er kulturskogen som ofte bles ned. Klimaforskerane spår ekstremtvær i tida som kjem med meir regn og vind som tyder mykje for grana med heller horisontalt rotsystem.
- Det er mogleg å forsikre skogen på teignivå. I praksis tyder dette at dersom ein har ein teig med låg verdi, treng ein ikkje å forsikre den.
- Ei skogforsikring er ikkje dyrt. For gode bonitetar betalar ein ca. 2 kr per daa og år, og er då forsikra mot storm og brann. Ein kan bruke skogfond for å betale forsikringspremien. Ta kontakt med kommunen for å få ordna dette.
- Potensiell erstatningsutbetaling er frå 1000 - 4000 kr per daa. Eigenandelen låg sist på kring 3000 kr.

7. Skogdagen på Borlaug 22. mars 2014

Årets skogdag blei arrangert på Borlaug, der totalt 30 deltakarar m. a. kunne sjå på ein skogsveg under bygging og fekk høyre om ulike skogtema: Magnus Mo, skogbrukssjef i Gaular kommune, snakka om tømmertransport i Feios med fokus på vegstandard, vegring, vegsamarbeid, vegforening og samarbeidsklyngar. Fylkesskogsmeister Merete Larsmon hadde frø- og planteforsyning som tema. Morten Fosse i Sogn og Fjordane Skogeigarlag informerte om miljørapport for eigehogst og kurs i Norsk PEFC-Skogstandard. Takk til Espen Holen og familie for å stille med «vertsskog»!

I samband med årets skogdag blei det halde eit kurs i «bruk av skogbruksplan» fredag 21. mars i ungdomshuset i Feios. Kurset v/Leif Laache i frå Sogn og Fjordane skogeigarlag var del av skogbruksplanleveransen til skogeigarane i Feios. Til saman 18 deltakarar fekk høyre om korleis ein skogbruksplan kan bli til eit nyttig verktøy for skogeigaren.

8. Miljørapport for eigehogst

Ved leveransar av furu/naturskog eller over 100 m³ med gran må skogeigarar no skrifteleg dokumentera vurdering av miljøverdiar. Den som gjer vurderinga må ha kurs i Norsk PEFC-Skogstandard. Kurset kan takast som nettkurs på www.skogkurs.no og kostar 1300 kr. Kurset kan

finansierast med skogfondmidlar. Ein kan også leige Skogeigarlaget eller andre med PEFC-kurs for å gjennomføre vurderinga. For meir informasjon sjå www.pefcnorger.org eller ta kontakt med Feiosprosjektet.

9. Henting av skogbruksplanar

Ein skogbruksplan er ei oversikt over areal, miljøverdiar og ressursar for ein skogeigedom. Oversikta omfattar eit vassfast kart, samt råd om korleis eigedomen bør drivast både med omsyn til økonomi og miljøet. I ein skogbruksplan inngår det data i frå eksisterande databaser/kart, flyfototolking og eventuelt feltarbeid. Feiosprosjektet har bede Sogn og Fjordane Skogeigarlag om å lage skogbruksplanar for alle skogeigedomar i Feios. Skogbruksplanane er ferdige. Fylkesmannen har lovd eit tilskot. Skogeigarar som har Borregaard får betalt eigeandelen via Borregaard.

Skogeigarar som ikkje har henta skogbruksplanane sine ennå, kan framleis hente dei på kommunen innan 30. september i år og vil då vere garanterte tilskot dvs. dei betalar ikkje for planen eller får han til ein sterk redusert pris. Ta kontakt med Karen eller Veronika!
I ettertid vil planane framleis vere tilgjengelege på kommunen, men Feiosprosjektet kan då dessverre ikkje garantere at ein framleis får tilskot frå Fylkesmannen eller Borregaard.

10. Ferske BU-midlar til Feiosprosjektet

Også i år har Feiosprosjektet søkt om bygdeutviklingsmidlar og fekk løyvd 30.000 kr i frå Fylkesmannen no i juli. Støtta er til avslutning av prosjektet samt utarbeiding av sluttrapport.

11. Omtale av prosjektet i media

Om skogdagen på Borlaug var det ein artikkel i Sogn Avis 25. mars. Landbruks- og matdepartementet omtalte prosjektet i utgåva av *Fylkesnytt frå Sogn og Fjordane 1/2014* som blei publisert på nettsida til departementet 9. april og som framleis går an å lese på www.regjeringen.no (dokument → tidsskrift og nyheitsbrev). I Vik si sommaravis er det også ein artikkel om skogen i Feios og verdiskapinga kring framtidig avvirking. Takk til Helge Kårstad i frå Kystskogbruket for ei spennande samtale under forsøket å setje tal på den moglege verdiskapinga!

12. Planane for siste prosjektåret

I inneverande siste prosjektåret vil hovudfokuset liggje på desse oppgåvene:

- Oppfølging av arbeidet med Fylkesvegane i Feios som kommunen har fått midlar for.
- Innspel til kommunen om behov for utbetring av dei kommunale vegane
- Fylgje opp utvikling kring Feios kraftverk. Sognekraft har sendt to nye søknader til NVE som har høyringsfrist 8.11.14.
- Leggje til rette for samarbeid mellom grunneigarar om skogsvegar
- Gje innspel til Vik kommunen under vidare arbeid med «Hovudplan skogsvegar»
- Skrive sluttrapporten for prosjektet
- Gjere resultata i frå prosjektet og nyttig informasjon (t.d. malar for vegavtalar, etc.) lett tilgjengeleg for alle interesserte, også etter prosjektet er avslutta.

13. Nyheitsbrev på e-post

Det sparar prosjektet både tid og porto dersom nyheitsbrevet kan sendast ut elektronisk til dykk som har e-postadresse. Brevet vil bli sendt ut som pdf-dokument som ein enten kan lese på skjerm eller skrive ut om ein vil. Fint om flest mogleg kunne sende ein e-post merka **med «Nyheitsbrev Feiosprosjektet»** til karen.weichert@vik.kommune.no slik at vi kan registrere e-postadressa. De vil då få neste nyheitsbrev på e-post. Andre som er interesserte i Feiosprosjektet og som har lyst å få nyheitsbrevet kan melde frå til same e-postadressa.

Helsing Karen Weichert, prosjektleiar

Vedlegg 6:

Innspel til kommuneplanen

Feiosprosjektet "Frå ti til ein"
v/ Asbjørn Grindedal



Vik kommune
Pb 134
6891 Vik i Sogn

15.02.2012

Innspel til kommuneplan for Vik

Viser til folkemøte i Feios den 24.01.2012 og takkar for at Feiosprosjektet fekk høve til å legge fram nokre av dei tema vi arbeider med og som vi meiner er relevant for planprogram og for ny kommuneplan for Vik kommune. Presentasjonen frå folkemøtet ligg som vedlegg til dette brevet .

Som kjent er Feios med i Kystskog-prosjektet "*Frå ti til ein – eigedomsoverbyggande samarbeid for skogeigarar*", på folkemunne kalla Feiosprosjektet. Kort samanfatta er målet for prosjektet å få til avverking og inntekt frå skogbruket gjennom samarbeid mellom dei mange små eigedomane slik at skogsdriftene vert rasjonelle og mest mogeleg lønsame.

På folkemøtet la Feiosprosjektet fram tre hastesaker som kanskje kan koplast til kommuneplanen. Dette gjeld skogsvegar og verdiskaping, offentlege vegar og Sognekraft AS sitt tilbod om tunnellmasser/kraftgate. I tillegg kom vurdering av midlertidig massedeponi fram som tema under diskusjonen.

Skogsvegar og verdiskaping

Hovudplanarbeidet med skogsvegar i Vik syner totalt ca 20 km nye skogsbilvegar som bør byggast dei første 20 år, dvs. ca 1000 meter pr år om ein legg ein utbyggingsperiode på 20 år til grunn. Dette utgjer ein brutto vegkostnad på ca 1 million kroner pr. år og sysselset kring eit halvt årsverk i anleggsfasen.

Nye tal for virkesressursar viser at det kan hoggast eit aukande kvantum opp til ca 20 000 m³ årleg dei første 10 åra. Deretter 20 000 m³ pr. år i 30 år. Førstehandsverdien på dette tømmeret er kring 6 million kroner årleg og kan gi 6-8 arbeidsplasser.

Ei vidareforedling lokalt og regionalt av skog og utmarksressursar (trelast, spesialsortiment, massivtre, husbygging, ved, pellets, paller, fleirbruk turisme, jakt, idrett og friluftsliv) kan gi betydelege ringverknader. Noko av dette er i Feios og Vik i dag og det vil vere viktig å ta vare på det eksisterande og å bidra til vidare utvikling/ knoppskyting og dette basert på skogen i Feios.

Tiltak; Samordning, planlegging, detaljplanlegging og iverksetjing.

Offentlege vegar

Hans Fredrik Lauvstad, tidlegare fylkesskogbrukssjef i Sogn og Fjordane har sagt om Feiosprosjektet: "*Sjeldan er eit så godt prosjekt avhengig av så mykje dårleg veg*".

I 2000/01 vart det i regi av Transportbrukernes Fellesorganisasjon (TF) og Norsk institutt for skogforskning gjennomført ei flaskehalsundersøking for tømmertransporten i fylket og langs heile kysten. Resultat (sjå tal frå rapporten i tabell 1) viste m.a. at 3 vegstrekningar i Feios treng snarleg opprusting og at dette vil gi ein svært stor transportgevinst, faktisk blant dei største langs kysten. Vegdirektoratet har i denne samanhengen rekna ut at med ein årleg transportgevinst på ca 1 million kroner vil det vere samfunnsmessig nyttig å bruke ca 14 millionar kroner (2001) for å ruste opp desse flaskehalsane.

Flaskehalsar (2000/1)	Årleg transportgevinst (kr.)
Fylkesveg Osen – Åfet	222.000,-
Fylkesveg Osen – Grindedal	228.000,-
Kommuneveg Åfet – Langekra	448.000,-
Sum:	898.000,-

TABELL 1; Tall fra rapporten «Skognæringens transportruter på det offentlige veinett i kystfylkene i årene 2015-2035»

I tillegg til kjem flaskehalsar på andre kommunal e vegstrekningar , t.d. mellom Grindedal og Lunde, samt frå Berdal til Håane. Her er det særleg skarpe svingar som har trong for utbetringar.

Eksempel 2012: Dersom det skal hoggast 200 m³ tømmer i Feios og transporten ut må skje med enkel bil (pga. lengdeavgrensingar som flaskehals) må det køyrast 25 lass gjennom Feios. Dersom vegane blir rusta opp og vogntog kan nyttast, er det nok med berre 7 køyreturar.

Dersom flaskehalsen ikkje blir utbetra og årleg hogstkvantum går opp mot 20.000 m³ i Feios vil det årleg gå 2500 lastebillass i staden for 700 vogntoglass. I tillegg er det dokumentert at bruk av vogntog i staden for enkel bil reduserar slitasjen på vegane med 50 % og transportkostnaden blir redusert med 30-40 %. Denne reduksjonen vil automatisk føre til tilsvarande meir netto til skogeigar.

Tiltak; Samordning, planlegging og detaljplanlegging.

Sognekraft sitt tilbod om tunnellmasser/kraftgate

I samband med Sognekraft AS sine planer for utbygging av Feios Kraftverk er det uttrykt at til dels store mengder tunnellmassar er til disposisjon for interesserte. Føresetnaden er at dette i god tid blir godt planlagt og samordna .

Det er snakk om eit eller fleire deponi (fast eller midlertidig), alternativt delvis dumping i sjø. I Åfet er ca 175 000m³ tunnellmasser til disposisjon/ alternativt deponi, ved fjorden ca 200 000 m³. Slike tunnellmasser kan vere svært godt eigna til vegar, tømmerkaiutviding/areal, sentrumsutviding, molo, uilke former for turistanlegg/opplevingar, idrett og friluftsliv.

Tiltak; Samordning, planlegging og detaljplanlegging i tide.

Massedeponi

Dersom tunnellmassar frå Sognekraft AS skal kunna nyttast i framtida må det finnast og avsetjast eit område for midlertidig massedeponi i arealdelen til kommuneplanen. Massar som vert lagt i permanente deponi kan ikkje nyttast seinare.

Oppsummering

Feiosprosjektet oppmodar til

- ✓ Tung forankring av Feiosprosjektet i kommuneplanen .
- ✓ Samarbeid mellom kommunen, fylkeskommunen, fylkesmannen, Sognekraft AS om opprusting av bygdevegane, slik at det kan køyrast med vogntog. Dette vil redusere tal køyreturar med tømmer, følgjeleg auke nettoen til skogeigar ved hogst opptil 30-40% og vere svært positivt for bygda elles.
- ✓ Rask samordning og detaljplanlegging av tiltak kopla til Feiosprosjektet og Sognekraft AS.
- ✓ Å sikre at ev. tunnellmassar i framtida vert tilgjengeleg for bygging av skogsvegar ol .

Med helsing styringsgruppa

Rune Lunde
leiar (Feios Skogreisingslag)

Tone Fedje Midlang
medlem (Feios Skogreisingslag)

Merete Larsmon
nestleiar (Fylkesmannen)

Hans Fredrik Lauvstad
medlem (Skognæringsforum)

Veronika Seim Bech
Medlem (Vik kommune)

Asbjørn Grindedal
- prosjektleiar

Vedlegg:

Foredraget "Feiosprosjektet i Kystskogbruket. Folkemøte vedr. kommuneplan – Feios 24. jan 2012".

Kopi:

Sognekraft AS, v/ Kåre Fosse, 6893 Vik i Sogn.

Feios-prosjektet

i Kystskogbruket

Folkemøte vedr. kommuneplan - Feios 24 januar 2012



Kyst / skogbruket

Hastesaker i Feios-prosjektet som delvis kan koplast til kommuneplanen

- ✓ Skogsvegar og verdiskaping
- ✓ Offentlege vegar
- ✓ Sognekraft sitt tilbod om
tunnellmasser/kraftgate



Hastesaker i Feios-prosjektet; Skogsvegar og verdiskaping

- ❖ Fersk oversikt syner totalt ca 20 km nye skogsbilvegar som byggast dei første 20 år, dvs ca 1000 meter pr år
- ❖ Vegkostnad ca 1 million kroner pr. år, - 1/ 2 årsverk i anlegg
- ❖ Hogstauke til årleg ca 20 000 m³ første 10 åra, deretter jam kvantum i 30 år.
- ❖ Førstehandsverdi kring 6 millioner kroner (6-8 arbeidsplassar)
- ❖ Verdiskaping.....trelast, spesialsortiment, massivtre, husbygging, ved, pellets, paller, fleirbruk (turisme, idrett og friluftsliv)
Verdiskaping lokalt opptil.....??? (15)
- ❖ **Tiltak; optimisme, samordning og detaljplanlegging**

Hastesaker i Feios-prosjektet; Skogsvegar og verdiskaping



Hastesak i Feios-prosjektet; Offentlege v

Jfr. Flaskehalsundersøking (kroneverdi 2001)

Perioden 2015 - 2035



Flaskehals	Årleg transport- gevinst (kr)
Fylkesveg Osen - Åfedt	222 000
Fylkesveg Osen - Grindedal	228 000
Kommuneveg Åfedt - Langekra	446 000

Nr 2 i Sogn og Fj.

Aktuell investering
(samfunnsmessig nytte)
for 13,5 millioner kroner
jfr. vegdirektoratet

Hastesak i Feios-prosjektet; offentlege veg

Tømmerdrift på 200 m³



<u>bil</u>	<u>Vogntog</u>	<u>Enkel</u>
Antall lass	7 lass	25 lass
Nedbrytende effekt, pr tur	2,8	1,6
Nedbrytende effekt, totalt	20	40
Relativ nedbrytning	50 %	100 %

Bruk av vogntog istedenfor enkel bil reduserer;
-slitasjen på veien med 50%
-transportkostnaden med bil 30-40%

Hastesaker i Feios-prosjektet; Sognekraft sitt tilbud om tunnellmasser fra kraftgate

- ❖ 1 eller flere deponi (fast eller midlertidig), alt. delvis dump
- ❖ 175 000m³ (Åfet) + 200 000 m³ (v/ fjord)
- ❖ Eigna masser til vegar, m.m.
- ❖ Eigna masser til tømmerkaiutviding/areal
- ❖ Eigna masser til sentrumsutviding/ molo
- ❖ Eigna masser til turisme, idrett, friluftsliv.....oppleving
- ❖ Kven vil ha/kjøre kva av masser, kvar og når ?
- ❖ **Tiltak; optimisme, samordning og detaljplanlegging i tide**



- **Tung forankring av Feios - prosjektet i kommuneplanen (samfunnsdelen)**
- **Rask samordning og detaljplanlegging av tiltak kopla til Feios-prosjektet og Sog**

Vedlegg 7:

Oppgradering av bilvegane i Feios i samband med framtidig tømmertransport


bilvegane i
med
transport

nummereringa
) på
mmunale vegar
etrast om det
gntog og
ekostnader.

og 8 er på

, 13 og 15 er

Magnus Mo, etter




å fylle ut
an å
ykje av
r.

000 kr



av
bort noko
reinen fra
ssar på nye

700 kr) =



en med 5

000 kr



rovielva er
ot
lligast og
marka på
n, då
ort i brua

500 kr



Kostnad:

Pga. vegen, busetnaden og ivaretaking av sprengestein må det brukast skytematter, som gjer sprenginga dyrare.

Muligens massebalanse mellom det som blir sprengt ut og det ein treng av fyllmasser.

Kostnad inkl. autovern: **300.000 kr**

+ 5 m³ betong til ny mur/støypekant, armering, forskalling, gjerde på toppen, asfalt og eventuell grunnavståing



enge
0 meter.

000 kr



vegen 300 m
et for å rette
til innmarka
bjørn
problem
blir reve.
e mur til

00 kr)



ngen

v vegen (dyrka mark)

en truleg meir realistisk

da og utviding så mykje

bakover i skogen, utan å

til innmarka.

ytterkant for å ta opp

e mellom noverande og

rn pga. høg høgdeskilnad.

Kostnad:

- kring 5.000 m³ fyllmasse
- Autovern (delvis gjenbruk av det gamle)
- Asfalt
- Evtl. grunnavståing

Estimert kostnad: **1.400.000 kr**



ngen

på nedsida. Start frå deponi
fylling heilt ned til skogkant.
avkøyrsløp ned til skogen,
øve å nå han frå skogsvegen
ngen

Kostnad:

- 1500 m³ fyllmasse (ein stor del truleg på staden, transportlengda vil ha mykje å sei for kostnaden)
- Nytt autovern
- Asfalt
- Evtl. grunnavståing

400.000 kr



Kostnad: **160.000 kr**

ie i kulvert, men gjelet på
fyllast opp heilt ned til
grov stein som ytterkant, må
fall for å ta trykket frå

g høgdeskilnad frå vegkant

massane vil ha mykje å sei for



Kostnad: 75.000 kr

k etter det arbeidet som er

å betre om vegggrøfta vert
v bakken vert tatt bort i ei

rast masse, slik at sjølve
rast tilsvarende i breidda.



ngen/svingane

Kostnad: **175.000 kr**

. Det må gravast av
t på eit betre bere- og
r må bort, tilsvarende
køyrast. 90 m³ tilkøyr



utførast av lokale entreprenørar, det er ikkje trong for
ett bort frå til asfaltarbeidet.

likar sprengmassane som fyllmassar andre stadar langs vegen
v, slik at ein unngår dyr transport av fyllmassar.

en er baserte på bruk av lokale entreprenørar.

ingsgruppa) tel. 99 57 33 70
tleiar) tel. 57 69 82 29

lurune@hotmail.com
karen.weichert@vik.kommune.no

Tiltaksliste med kostnadsoverslag over punkt på kommunale vegar i Feios som treng utbetring med tanke på tømmertransport

Pkt. 15: Beste løysinga hadde vore å få gå rett fram frå første vendekurva mot tømmerlageret, men denne avkøyrsla blir nok ikkje godkjend. Einaste praktiske løysinga er utviding av svingane, jamvel om det vil sjå noko rart ut. Teknisk er det lett. Må grave av jordmassane og leggje på eit bere- og slitelag.

Reknar at 300 m³ jordmassar må bort, og tilsvarande berelagsmasse må tilkøyrast. 90 m³ tilkøyrst slitelag + arbeid. Kostnad kr. 175.000,-.

Pkt. 13, elva v/Lunde er ok etter det arbeidet som er gjort, men resultatet ville vorte endå betre om veggrofta vert flytta inn, ved at litt av bakken vert tatt bort i ei lengd av ca. 40 m. Då må det også tilkøyrast masse, slik at sjølve vegkroppen kan utvidast tilsvarande i breidda. Då snakkar vi fort om ein kostnad på kr. 75.000,-.

Pkt. 12. Her ligg Liagrova i kulvert, men gjelet på vestsida (nedsida) av vegen må fyllast opp heilt ned til kulvertopninga. Må ha tung, grov stein som ytterkant, må leggjast som mur m/fall for å ta mot trykket frå fyllmassane bak. Nytt autovern må på plass, då det blir stor høgdeskilnad frå vegkant til ned i elvebotnen nedstraums fyllinga. Kostnad kr. 160.000,- dersom masane kan vere "kortreist", t.d. frå Rune.

Pkt. 11: Her må vegen leggjast ut på nedsida, start heilt nede ved noko eldre materialar/ved, og fyllast heilt ned til skogkant. Det trengst ca. 1.500 m³ fyllmasse. Ein del stor stein finst på staden, denne må nyttast med omtanke. Nytt autovern må på plass. Frå fyllinga må det også tilpassast ei avkøyrslane ned til skogen på nedsida dersom ein ikkje har høve å nå denne skogen frå den skogsvegen som går ut midt i svingen. Transportlengda av fyllmassen vil ha stor innverknad på kostnaden. Eg frykta at utbetringa av denne svingen nærmar seg kr. 400.000,-.

Pkt. 10: Det enklaste ville vore å utvida svingen på oppsida, opp i den dyrka marka. Men dette er sikkert alt for kontroversielt. Meir realistisk er det truleg å å fylle ut på nedsida og utvide så mykje på oppsida og bakover i skogen som ein kan utan å redusere stabiliteten på innmarka. Men dette blir betydeleg dyrare. (Eg rekna skammeleg feil den dagen vi var på synfaring. Skal slutta med hovudrekning !!) Det går nok med nær 5.000 m³ fyllmasse. Også her må det nyttast tung, grov stein som ytterkant for å ta opp trykket frå fyllmassane mellom noverande og ny vegkant. Nytt autovern må på plass, då det vert stor høgdeskilnad frå ytterkant veg og ned til terrengnivå. Mykje av det gamle autovernet må kunne nyttast oppatt, men må forlengjast. Trur utbetringa inkl. autovern kjem på kr. 1,4 mill.

